

A woman with dark hair styled in an updo, wearing a beige long-sleeved dress with a V-neckline and a beaded belt, is sitting on a blue cushion. She is positioned in front of a large window with white frames and lace curtains. To her left is a green lamp with a dark base, and to her right is a green plant. The background shows a bright, sunny day outside.

BAROKKFEST | S.P.O.R.

FESTIVALER 2018

29. JANUAR - 4. FEBRUAR
WWW.BAROKKFEST.NO

LYSGLIMT I VINTERMØRKET

Festivalene Barokkfest og SPOR vokser år for år. Ballet åpner mandag 29. januar med en storstilt konsert i Frimurerlogen og avsluttes samme sted søndagen etter med et av de mest ettertraktede ensemblene innen klassisk musikk. I dagene imellom kryr det av små og store høydepunkt for musikkelskere, for dem som liker å øse fra litteraturens endeløse skattekister eller for den som bare vil drømme seg bort.

Fra Middelhavet til Carnegie Hall

Artistene kommer fra hele Europa. Vi får oppleve den helt spesielle polske kirkesangen, spansk barokkmusikk med cubanske røtter, for ikke å glemme en av de virkelig store operastjernene akkurat nå: Ann Hallenberg. Vi er særlig stolte over å kunne presentere ensemblet L'Arpeggiata. Med sin kunstneriske leder Christina Pluhar i spissen er det et av de heteste navnene på verdensscenene. De kommer til Trondheim med et av sine populære program hvor de følger barokkmusikken rundt Middelhavet. Gjør deg klar til en spektakulær konsert!

Pompeii og andre hemmeligheter

Fra andre siden av jordkloden kommer Estelle Lazer. Hun er arkeologen som skjønte hvordan menneskene i Pompeii levde ved å studere noe som nesten alle hadde glemt å se på: skjelettene. Lazer

holder SPORs årlige hovedforedrag, "The Breakspear Lecture". Men SPOR byr også på mer hjemlige oppdagelser med fokus på litteraturen som ble skrevet i Norge og i Trondheim på 1700-tallet, da latin var et vel så vanlig språk å skrive på som norsk. Veien er ikke lang til Harry Potters magiske univers hvor tryllestaven svinges til latinske trylleformler. Potter-oversetter Torstein Bugge Høverstad og filmkritiker Inger Merete Hobbestad gjør et dypdykk i forholdet mellom bok og film.

Triumf?

Hovedtemaet "triumf" er like gammelt som det er dagsaktuelt. En triumf er en følelse av seier og ordet går helt tilbake til antikken. Triumfene i antikkens Roma var store opptog hvor den hjemvendte krigsherren ble feiret. Det var anledningene for byggingen av triumfbuene som opp gjennom århundrene har dukket opp i det ene riket etter det andre som ville legge verden under seg og forme imperium. Svenske Ida Östenberg tar oss med til den romerske triumfens overdådige verden.

Men i enhver triumf er det noen som lider et nederlag. Den utrolige kvinnelige barokkmaleren Artemisia Gentileschi ble selv offer for overgrep. Men i motsetning til historiens mange

stumme kvinnelige ofre, lot hun kunsten tale sitt eget øredøvende språk. Ingvild Kjær Tofte, kunstmaler, men også en glimrende kunstformidler, deler den spennende historien om en av kunsthistoriens mest fascinerende kvinnelige malere.

Händelopera

Og endelig setter Barokkfest opp en full Händel-opera! Triumf-motivet har gitt materiale til et av hans mesterverk: *Il trionfo del Tempo e del Disinganno*. Her blir triumfen moralsk. Tiden og Desillusjonen seirer over Skjønnheten og Nyttelsen. Moralene er enkle: skjønnhet varer ikke evig.

Velkommen til festival!

Martin Wählberg & Thea Selliaas Thorsen

INNHold:

Program	SIDE 4 - 5
Åpningskonsert i Frimurerlogen: Amours Internals	SIDE 6 - 10
Mestermøte: Bachs forløpere	SIDE 11 - 17
Krakow-Rorantistene: Kirkeklngen fra Øst	SIDE 18 - 19
Barokkdronningen	SIDE 20 - 24
Fuego al mundo - I fyr og flamme!	SIDE 25 - 26
Il trionfo del Tempo e del Disinganno	SIDE 27 - 45
I begynnelsen var orgelet	SIDE 46
Familedag på Ringve	SIDE 47
Mediterraneo - En reise langs Middelhavet	SIDE 48 - 49
Kunsthistoriens heltinner	SIDE 50
Sukker og slaveri	SIDE 51
Elskeren Julius Cæsar	SIDE 51
Antikkens drama på norsk	SIDE 52
Den romerske triumfen	SIDE 52
Å leve med Shakespeare	SIDE 53
Fra bok til film, og tilbake?	SIDE 53
Latin etter antikken	SIDE 54
Norsk litteratur på latin	SIDE 54
The Breakspear Lecture	SIDE 55
Bameuniversitetet: Nye helter fra	
gresk og romersk mytologi	SIDE 56
Biografier	SIDE 57 - 59

PROGRAM, S. 3

BAROKKFEST 2018

BAROKKFEST 2018:

Martin Wählberg

Leder

Thea Selliaas Thorsen

Kunstnerisk leder, SPOR

Erik Skanke Høsoien

Kunstnerisk leder

Ingrid Gausemel Remøy

Produsent

Marte Haug Helland

Salg- og billettansvarlig

Fredrik Olav Amtsen Haga

Transport- og sceneansvarlig

Eiliv Andreas Myren Ribe

Logistikkansvarlig

Ranveig Aas

Artistansvarlig

Simen Waaler

Lys

Halvor K. Hosar

Festivalmedarbeider

Forfatter festivalbok: Halvor K. Hosar

PROGRAM, S. 4

BAROKKFEST 2018

SØNDAG, 28. JANUAR	MESTERKLASSE MED PATRICK COHËN-AKENINE	10:00	NTNU Olavskvartalet, Orgelsalen
	FESTIVALGUDSTJENESTE: MISSA SANCTI ALOYSII	11:00	Nidarosdomen
MANDAG, 29. JANUAR	STORSTILT ÅPNINGSKONSERT I FRIMURERLOGEN	19:30	Frimurerlogen
TIRSDAG, 30. JANUAR	KUNSTHISTORIENS HELTINNER	18:00	Sellanraa
	MESTERMØTE: BACHS FORLØPERE	19:30	Vår Frue kirke
ONSDAG, 31. JANUAR	SUKKER OG SLAVERI – FAKTA OG FIKSJON OM VÅR SLAVEHANDEL	18:00	Sellanraa
	KRAKOW-RORANTISTENE: KIRKEKLINGEN FRA ØST	19:30	Nidarosdomen
TORSDAG, 1. FEBRUAR	ELSKEREN JULIUS CAESAR	12:00	NTNU Dragvoll, Café Sito
	ANTIKKENS DRAMA PÅ NORSK	17:00	Litteraturhuset, Magistratsalen
	DEN ROMERSKE TRIUMFEN	18:00	Litteraturhuset, Kulturtorget
	BAROKKDRONNINGEN	19:30	Frimurerlogen
FREDAG, 2. FEBRUAR	Å LEVE MED SHAKESPEARE	12:00	NTNU Dragvoll, Café Sito

PROGRAM, S. 5

BAROKKFEST 2018

	FRA BOK TIL FILM, OG TILBAKE?	18:00	Litteraturhuset, Kulturtorget
	FUEGO AL MUNDO – I FYR OG FLAMME!	19:30	Frimurerlogen
LØRDAG, 3. FEBRUAR	LATIN AFTER ANTIQUITY	11:00	Katedralskolen, Festsalen
	NORSK LITTERATUR PÅ LATIN	13:00	Katedralskolen, Festsalen
	THE BREAKSPEAR LECTURE	16:00	Katedralskolen, Festsalen
	HÅNDELOPERA: IL TRIONFO DEL TEMPO	19:00	Erkebispegården, Øysteinsalen
	I BEGYNNELSEN VAR ORGELET	22:00	Nidarosdomen
SØNDAG, 4. FEBRUAR	FAMILIEDAG PÅ RINGVE: » BUKKENE BRUSE PÅ BADELAND » LYTT TIL LUTT! » MM.	11.00 - 14.00	Ringve Museum
	NYE HELTER FRA GRESK OG ROMERSK MYTOLOGI	14:30	Trondheim Folkebibliotek
	L'ARPEGGIATA, MEDITERRANEO	20:00	Frimurerlogen

PROGRAM, S. 6

BAROKKFEST 2018



ÅPNINGSKONSERT I FRIMURERLOGEN: AMOURS INFERNALS

Måndag, 29. januar, 19:30, Frimurerlogen

Patrick Cohën-Akenine, dirigent
Marianne Beate Kielland, mezzosopran
Nordic Baroque Orchestra

JEAN-MARIE LECLAIR (1697-1764)
Scylla et Glaucus (1746)

Prologue : Ouverture, Sarabande, Air gracieux et Gigue
Acte IV : Symphonie
Scène 3 : Circé, "Ah! Que la vengeance à de charmes"
"Mais déjà de ses voiles sombres..."
Scène 4 : "Et toi dont les embrasements..."
Invocation : "Noires divinités"
"Que Circé vous inspire!"
Scène 5 : 1er Air des Démon
"Brillantes fille de Latone"
2ème Air des Démon

Concerto op. VIII no 3 en Do majeur (1737)
Allegro, Adagio, Allegro assai

Pause

JEAN-PHILIPPE RAMEAU (1683-1764)
Zoroastre (1749)

Ouverture
Acte I : Air tendre (en Rondeau)
Cephie : "L' Amour pour un cœur qui l'implore"
Gavotte tendre

Acte II : Air Majestueux (Entrée des Peuples)
"Ah! Que l'absence est un cruel tourment"
Acte III : Entrée des Peuples différents

FRANÇOIS COUPERIN (1668-1764)
Les Nations (1726)

Extraits de l'Espagnol (2ème ordre)
Allemande, Courante, Sarabande, Gavotte et Bourrée

JEAN-PHILIPPE RAMEAU
Hippolyte et Aricie (1733)

Acte II : 1er Air des Démon
Phèdre : récit "Je vous entends..."
Air " Périsset la vaine puissance"
2ème Air des Démon
Acte III : " Cruelle Mère des Amours"
Chaconne

PROGRAM, S. 8

BAROKKFEST 2018

Ei av gledene ved å leike domar over historia, er at ein kan sjå kvar dei før ein har teke feil. Kva barokken gjeld, har musikkulturen i ettertida (med rette) sett kvalitetane til dei tyske meistrane Bach og Händel i høgsetet, medan ein (med urette) ikkje har gjeve dei franske komponistane frå same tid den same merksemda. Det er fleire grunnar til dette. Fyrst av alt var musikkforskning, og derunder musikkhistorieskriving, lenge eit fag som hovudsakleg var tysk. Musikken var rett og slett viktigare i den tyske nasjonsdanninga enn han var annanstads, og utan at ein med det skal ta noko frå dei tyske meistrane, har det fram til i dag vore med på å setja komponistar frå andre land i skuggen.

Kva meir er, var mykje av grunnlaget for moderne musikkhistorieskriving lagt

på andre halvdelan av 1800-talet, i ei tid med klare musikkideal, som ikkje utan vidare let seg passa inn med eldre former. På den eine sida hadde ein oppheva instrumentalmusikken, og i sær symfonien - musikk som ikkje måtte referere til noko utanfor seg sjølv, men kunne skape kjensler uavhengig av verda utanfor musikken - til eit ideal; på den andre sida hadde ein dramaet til Wagner, som skulle blande alle kunstartane til eit totalkunstverk, noko ein måtte attende til antikken for å finne døme på at nokon skulle ha fått til godt.

På det viset blei operaen, som var den mest prestisjetunge forma i samtida, skvisa mellom ideal frå ei anna tid. Det er fyrst i seinare år at ein jamleg har fått høve til å sjå desse verka internasjonalt, og med dei har det opna seg ei heilt ny verd

med musikk. Barokken er så mykje meir enn Bach, og dette konsertprogrammet gjev ein monaleg smakebit på kva for operaiske storverk Frankrike hadde å by på medan kantoren i Leipzig skreiv storverka sine. Av desse komponistane er Jean-Phillippe Rameau, som eigentleg såg på seg sjølv som teoretikar, og ikkje debuterte som operakomponist før han var 50 (!) - men då skapa furore, med eit tonespråk som blei oppfatta som ultramoderne. På denne konserten får vi høyre smakebitar frå to av operaene hans, samt verk av to andre viktige franske komponistar, Jean-Marie Leclair og François Couperin.

Ah! Que la vengeance à de charmes

Ah! C'est trop conserver une inutile ardeur ;
Que de ses fers enfin mon âme dégagée
Ne respire que la fureur

Mais déjà de ses voiles sombres

Mais déjà de ses voiles sombres
La nuit embrasse l'univers:
Dorine, j'ai besoin du secours des enfers;
Laisse-moi profiter du silence et des ombres.

Et toi, dont les embrasements

Et toi, dont les embrasements
Rendent les champs voisins arides et fumants,

Ah! Que la vengeance à de charmes

Akk! For lenge har eg bore ein nyttelaus kjærleik;
La no sjela mi, endeleg fri frå lenkjene,
Ikkje puste anna enn raseri.

Mais déjà de ses voiles sombres

Men alt no, med hennar svarte slør
Hyllar natta inn universet:
Dorina, eg treng helvetshjelp;
Lat meg ta nytte av stilla og mørkret.

Et toi, dont les embrasements

Og du, som med flammedjupet ditt
hyllar nabomarkene i røyk og tørke,

Etna, sois favorable à mes enchantements :
Et que dans l'horreur des ténèbres
Les flammes qu'on lui voit lancer,
Redoublent la terreur des mystères funèbres
Que je vais commencer.

Noires divinités

Noires divinités de la rive infernale,
Sortez, paraissez à mes yeux,
Oubliez un moment Ixion et Tantale;
Venez troubler la paix qui règne sous les cieux.

Que Circé vous inspire

Que Circé vous inspire une fureur nouvelle,
Hâtez-vous, hâtez-vous de répondre à mes vœux.
Qu'attendez-vous encore ? Quand ma voix vous appelle
C'est pour faire des malheureux.

Brillante fille de Latone

Brillante fille de Latone,
Cessez d'éclairer l'univers,
Descendez, traversez les airs ;
Que toute la nature en frémissse et s'étonne
Et que les cieux s'unissent aux enfers.

L' Amour pour un coeur qui l'implore

L'amour pour un coeur qui l'implore
n'a point d'éternelles rigueurs.
Les tendres pleurs
que répand l'aurore
font bientôt éclore
les plus belles fleurs.

Ah! Que l'absence est un cruel tourment

Ah ! Que l'absence est un cruel tourment!
Mais qu'il est doux de revoir ce qu'on aime.
Tout s'embellit au retour d'un amant.
Tout reprend le charme suprême

Etna, vær mi trolldomskunst til hjælp:
Og i det skrekkelege mørket
måtte flammene du kastar ut
Styrka skremslene frå dei mørke rita
eg no tek fatt på.

Noires divinités

Mørke gudar frå inferalske land,
kom fram, kom for augo mine,
gløym Ixion og Tantalus for ei stund;
kom, og riv ned freda som herskar under himlane.

Que Circé vous inspire

Som Circé inspirerer til nytt raseri,
skund dykk, skund dykk til å oppfylle ynskja mine.
Kvifor dryger de? Når røysta mi kallar på dykk
er det for å leggja aude.

Brillante fille de Latone

Strålende dotter av Latone,
lys ikkje meir opp universet.
Søkk ned, kryss himmelen;
la all natur skjelva og undra seg
og la himmel og helvete foreinast.

L' Amour pour un coeur qui l'implore

For eit hjarte som ynskjer han
har kjærleiken ingen vendelege plager:
Dei elskande tårer
som ved daggry blir felt
leiar snart til opninga
av dei vakraste blomer.

Ah! Que l'absence est un cruel tourment

Akk! Å vere fråskild er ei skrekkeleg pine!
Men kor godt er det ikkje å sjå att dei vi elsker.
Alt blir enno vakrare når ein elska kjem attende.
Alt tek på seg den høgste sjarm

PROGRAM, S. 10

BAROKKFEST 2018

du plaisir ou du sentiment.
Sans lui, le jour le plus charmant
est plus sombre...
que la nuit même.
Ah! Que l'absence est un cruel tourment!
Mais qu'il est doux de revoir ce qu'on aime.

Je vous entends

Je vous entends;
eh bien, que la trompette sonne;
Que le signal affreux se donne;
Et le temple et l'autel vont tomber à ma voix.
Tremblez; j'ai su prévoir la désobéissance;
Périsset la vaine puissance,
Qui s'élève contre les rois:
Tremblez ; redoutez ma vengeance!

Cruelle Mère des Amours

Cruelle Mère des Amours,
Ta vengeance a perdu ma coupable race,
N'en suspendras-tu point le cours ?
Ah ! Du moins, à tes yeux, que Phèdre trouve grâce.

Je ne te reproche plus rien,
Si tu rends à mes vœux Hippolyte sensible ;
Mes feux me font horreur, mais mon crime est le tien ;
Tu dois cesser d'être inflexible.

av vellyst eller av kjensle.
Utan han er den vakraste dag
så mykje mørkare...
enn natta sjølv.
Akk! Å vere fråskild er ei skrekkeleg pine!
Men kor godt er det ikkje å sjå att dei vi elsker.

Je vous entends

Eg høyrer deg;
vel, la trompeten gjalle;
la det skrekkelege signalet bli gjeve.
Både tempel og alter vil falle for røysta mi.
Skjelv! Eg kunne sjå sviket dykkar forut,
la dei forgjengelege makta forsvinne,
som reiser seg mot kongar.
Skjelv, frykt hemna mi!

Cruelle Mère des Amours

Kjærleiks vonde mor
hemna di har tvinga mi høgst skuldige slekt i kne.
Vil du ikkje endra kursen hennar?
Akk! La i minsto Fedra finne miskunn i augo dine!

Eg skal ikkje kritisere deg meir
Om du gjer Hippolytos mottakeleg for lengslene mine.
Pågangsmotet mitt skremmer meg, men brotsverket er ditt.
Du burde slutte å vere så lite fleksibel.

PROGRAM, S. 11
BAROKKFEST 2018

MESTERMØTE: BACHS FORLØPERE

Tysdag 30. januar, 19:30, Vår Frue kirke

Marianne Beate Kielland, mezzosopran
Carlos Mena, kontratenor
Jean-Luc Hô, orgel



PROGRAM, S. 12

BAROKKFEST 2018

JOHANN CHRISTIAN KITTEL (1732-1809)

Jetztund kömpt die Nacht herbey

HEINRICH SCHÜTZ (1585-1672)

Eile mich Gott zu erretten

Bringt her dem Herrn

(orgelinterludium)

Bone Jesu

JOHANN HERMANN SCHEIN (1586-1630)

Magnificat

HEINRICH SCHÜTZ

Wohl dem, der nicht wandelt

○ Jesu nomen dulce

○ misericordissime Jesu

JOHANN HEINRICH SCHMELZER (1623 - 1680)

○ du schöne

(orgelinterludium)

JOHANN HERMANN SCHEIN

Ach Gott vom Himmel

○ quam metuendus est locus istel

DIETRICH BUXTEHUDE (1637-1707)

Mit Fried und Freud

JOHANN SEBASTIAN BACH (1685-1750)

Gott soll allein

Den Tod niemand zwingen kunnt

Johann Sebastian Bach (1685-1750) er gjerne rekna som grunnleggjaren av skulen for dei store, kanoniserte tyske komponistane. At han har blitt det er ikkje ufortent, men det er til ein viss grad tilfeldig. Sjølv om Bach aldri var gløymt, slik ein gjerne høyrer, var det hovudsakleg som klaverpedagog han var hugsa. At han sidan blei framheva som ein av dei største komponistane i historia hende langt på veg etter at Felix Mendelssohn (1809-1847) i 1829 held den fyrste store framføringa av Mattheus-Pasjonen.

«Gjenoppdaginga» av Bach hadde enorme konsekvensar for interessa for eldre musikk, i sær innanfor tyskspråklege område, der ein på seint 1800- og

tidleg 1900-tal var svært opptekne av å finna føregjengarar til dei kanoniserte komponistane. Dette var for mange ein akademisk, og ikkje ein kunstnerisk prosess. Clara Schumann (1819-1896), som var ein av dei dyktigaste pianistane i si tid, hadde ikkje noka forståing for at venen Johannes Brahms (1833-1897) brukte tid på det ho kalla «dei tomme, enkle klangane» til Heinrich Schütz (1585-1682), som i løpet av 1800-talet segla opp som den mest interessante tyske komponisten på 1600-talet.

Mange vil kunne sympatisera med Schumann. Av kunstane er musikken den mest abstrakte, og han er avhengig av at ein kan forstå dei grunnleggjande konvensjonane til ein musikkstil på eit

intuitivt nivå. Den dag i dag vil nok mange oppleve at mykje av 1600-talsmusikken, som er prega av kortare idear og fokus på augneblinklege effektar heller enn på å spinne ut lange idear, blir oppfatta som framand. Men dette kan ein òg sjå på som styrka til musikken: Nett det at han kan kjennast som å vere rett utanfor rekkjevidde for oss, gjer han friskare, nyare og meir levande enn den betre kjende musikken som kom seinare.

Av tyske komponistar på 1600-talet er det ingen tvil om at Schütz er den viktigaste. Schütz arbeidde i Dresden stordelen av livet. Som så mange andre komponistar hadde han vore på dannelsereise til Italia, og hadde studert saman med Giovanni Gabrieli

(1554-1612), og møtt den fyrste store operakomponisten, Claudio Monteverdi (1567-1643), og han hadde nok tenkt at han skulle skrive storskalaverk som dei. Historia ville det annleis: Mellom 1618 og 1648 blei Sentral-Europa

sundrive av *Tredveårskrigen*, som mellom anna resulterte i at ein av tre som budde i Tyskland døydd. Under slike omstende var det ikkje ressursar til å føra opp verk for store ensemble, og Schütz blei i staden nøydd til å skriva

for mindre ensemble, i sær for orgel og songarar. Orgelstilen han utvikla blei tonegjevande for mykje av Sentral- og Nord-Tyskland heilt fram til Bach.

Jetztund kömpt die Nacht herbey

Jetztund kömpt die Nacht herbey
Vieh und Menschen werden frei;
Die gewünschte Ruh geht an,
Meine Sorge kömmt heran.

Schöne glänzt der Mondenschein,
Und die güldnen Sternelein,
Froh ist alles weit und breit,
Ich bin nur in Traurigkeit.
Zweene manglen überall
An der schönen Sternen Zahl,
Die zween Sternen, die ich mein,
ist der Liebsten Äugenschein.

Nach dem Monden frag ich nicht,
Dunkel ist der Sternen Licht.
Weil sich von mir weggewend,
Asteris, mein Firmament.

Eile, mich, Gott

Eile, mich, Gott, zu erretten, Herr, mir zu helfen!
Es müssen sich schämen und zu Schanden werden,
die nach meiner Seele stehen.
Sie müssen zurücke kehren und gehöhnet werden,
die mir Übels wünschen,
daß sie müssen wiederum zu Schanden werden,
die da über mich schreien: da, da!
Freuen und fröhlich müssen sein in dir,

Jetztund kömpt die Nacht herbey

No kjem natta hit ned,
folk og fe vert frie.
Den ynskte roa kjem over dei;
mine sorger kjem over meg.

Vakkert glimer måneskinet,
og dei gyldne småstjernene.
Glade er alle i fjern og nær;
berre eg er fanga i traurigheit.
Tvenne manglar overalt
i teljinga av vakre stjerner
Dei tvenne stjerner, som eg meiner
er mitt kjærleiks augeskin.

Etter månen spør eg ikkje,
dunkelt er stjerneljoset.
Sidan ho har snudd seg frå meg,
Asteris, himmelkvelvinga mi.

Eile, mich, Gott

Skund deg, Gud, å redda meg, Herre, å hjelpa meg!
La dei skamme seg og bli til skam, dei som vil ta sjela mi.
La dei bli snudd ryggen til og bli håna,
dei som ynskjer meg vondt.
Så dei måtte bli fyllte av skam
og rope over meg: akk! Akk!
La dei fryda seg og vere glade i deg,
alle dei som spør etter deg og elsker frelsa di,

PROGRAM, S. 14

BAROKKFEST 2018

die nach dir fragen und dein Heil lieben,
immer sagen: Hoch gelobt sei Gott!
Ich aber bin elend und arm.
Gott, eile zu mir,
denn du bist mein Helfer und Erretter,
mein Gott, verzeuch nicht!

Bringt her dem Herren

Bringt her dem Herren,
ihr Gewaltigen,
bringt her dem Herren,
Ehre und Stärke.

Bringt her dem Herren,
Ehre seines Namens.
Betet an den Herren,
im heiligen Schmuck.

Alle Lande beten dich an
und lobsingen dir,
lobsingen deinem Namen.

Bone Jesu

Bone Jesu, verbum Patris,
splendor paternae gloriae,
in quem desiderant angeli prospicere,
doce me facere voluntatem tuam,
ut a spiritu tuo bono deductus
ad beatam illam perveniam civitatem,
ubi est dies aeternus
et unus omnium spiritus,
ubi est certa securitas
et secunda aeternitas
et aeterna tranquillitas,
et tranquilla felicitas,
et felix suavitas,
et secunda jucunditas,
ubi tu Deus cum Patre
et Spiriti Sancto vivis et regnas

og alltid seier: høgt Gud være æra!
Men eg er fattig og skrøpeleg.
Gud, skund deg til meg,
for du er min hjelpar og min frelsar,
min Gud, nøl ikkje!

Bringt her dem Herren

Bring hit til Herren,
de mektige,
bring hit til Herren
ære og styrke.

Bring hit til Herren,
ære til namnet hans.
Be til Herren
i heilage drakter.

Alle land ber til deg
og lovprisar deg,
lovprisar namnet ditt.

Bone Jesu

Gode Jesus, Faderens ord,
prakta til Fadarens ære,
som englane ynskjer å skode,
lær meg å gjera di vilje,
slik at eg, leidd av din gode ande,
kan stige opp til den signa byen din
der dagen varar æveleg
og alle ånder er eitt
der det er æveleg tryggleik,
og trygg æve,
og æveleg fred,
og fredleg lukke,
og lukkeleg søte,
og sikker glede,
der Du, Gud, med Faderen
og Den heilage ande lever og herskar

per infinita seculorum secula, frå æve til æve.
Amen. Amen.

Magnificat

Magnificat anima mea Dominum;
Et exsultavit spiritus meus in Deo salutari meo,
Quia respexit humilitatem ancillae suae;
ecce enim ex hoc beatam me
dicent omnes generationes.

Quia fecit mihi magna qui potens est,
et sanctum nomen ejus,
Et misericordia ejus a progenie
in progenies timentibus eum.
Fecit potentiam in brachio suo;
Dispersit superbos mente cordis sui.

Deposuit potentes de sede,
et exaltavit humiles.
Esurientes implevit bonis,
et divites dimisit inanes.
Suscepit Israel, puerum suum,
recordatus misericordiae suae,
Sicut locutus est ad patres nostros,
Abraham et semini ejus in saecula.

Gloria Patri, et Filio, et Spiritui Sancto.;
sicut erat in principio,
Et nunc, et semper: et in Saecula saeculorum.
Amen.

Wohl dem, der nicht wandelt

Wohl dem, der nicht wandelt
im Rat der Gottlosen,
noch tritt auf den Weg der Sünder,
noch sitzt, da die Spötter sitzen,
sondern hat Lust zum Gesetz des Herrn
und redet von seinem Gesetze Tag und Nacht.
Der ist wie ein Baum,

Magnificat

Mi sjæl lovar Herren,
og mi ånd frydar seg i Gud, min frelsar.
For han har sett tenestekvinna i hennar naud.
Og sjå, frå no av skal alle
slekter prisa meg sæl,

for store ting har han gjort for meg den mektige,
og heilag er namnet hans.
Frå slekt til slekt varar hans miskunn
over dei som ottast han.
Han gjorde storverk med sin sterke arm;
han spreidde dei som bar ovmodstankar i hjartet.

Han støyte stormenn ned frå trona
og lyfte opp dei låge.
Han metta dei svoltne med gode gåver,
men sende dei rike tomhendte frå seg.
Han tok seg av Israel, sin tenar,
og kom i hug si miskunn
slik han lova våre fedrar,
Abraham og hans ætt, til evig tid.

Ære være Faderen, Sonen og Den heilage ande,
som alltid har vore,
og no, og alltid, og i all æve.
Amen.

Wohl dem, der nicht wandelt

Sæl er han, som ikkje går
i dei gudlauses råd,
og ikkje trår på vegen til syndaren,
og ikkje sit, der spottaren sit,
men som frydar seg i lovene til Herren
og spreier lovene hans dag og natt.
Han er som eit tre,

PROGRAM, S. 16

BAROKKFEST 2018

gepflanzt an den Wasserbächen,
der seine Frucht bringet zu seiner Zeit,
und seine Blätter verwelken nicht,
und was er macht, das gerät wohl.
Aber so sind die Gottlosen nicht,
sondern wie Spreu, die der Wind verstreuet.
Darum bleiben die Gottlosen nicht im Gerichte,
noch die Sünder in der Gemeinde der Gerechten.
Denn der Herr kennet den Weg der Gerechten,
aber der Gottlosen Weg vergehet.

O Jesu nomen dulce

O Jesu, nomen dulce,
Nomen admirabile,
nomen confortans,
Quid enim canitur suavius,
Quid auditur jucundius,
Quid cogitatur dulcis,
Quam Jesu, Dei filius.
O nomen Jesu, verus animae cibus,
In ore mel, in aure melos,
In corde laetitia mea.
Tuum itaque nomen, dulcissime Jesu,
In aeternum in ore meo portabo.

O misericordissime Jesu,

O misericordissime Jesu,
o dulcissime Jesu,
o gratiosissime Jesu,
o Jesu, salus in te sperantium,
o Jesu, salus in te credentium,
o Jesu, salus ad te confugientium,
o Jesu, dulcis remissio omnium peccatorum,
o Jesu, propter nomen sanctum tuum
salve me, ne peream.
O Jesu, miserere, dum tempus est miserendi,
neque me damnes in tempore judicandi.
Si enim admisi, unde me damnare potes,
tu non amisisti, unde me salvare potes.

planta ved vasskanten,
som bringer fruktene sine til rett tid,
og blada hans visnar ikkje,
og det han gjer, er vel gjort.
Men slik er det ikkje med dei gudlause,
dei er lik agner, som spreiaast for vingen.
Difor blir ikkje dei gudlause ståande i domen,
og ingen syndarar i flokken til dei rettvise.
For Herren kjenner den rette vegen,
men vegen til dei gudlause fører vill.

O Jesu nomen dulce

O Jesus, søte namn,
vedunderlege namn,
mektige namn.
Kva namn er sunge så søtt,
kva namn er høyrte med slik glede,
kva namn er tenkt på med slik kjærleik,
som Jesus, Guds son?
O Jesu namn, sann næring for sjela,
honning til munnen, sang for øyret,
glede for sjela.
Ditt namn, difor, søtaste Jesus,
skal eg bæra med meg frå æve til æve.

O misericordissime Jesu,

O mest miskunnsame Jesus,
o søtaste Jesus,
o yndelegaste Jesus,
o Jesus, frelse til dei som trur på deg,
o Jesus, frelse til dei som søkjer vem i deg,
o Jesus, søtaste forlating for alle synder,
o Jesus, for ditt signa namn si skuld.
o Jesus, i ditt heilage namn
redd meg, så eg ikkje går i fortapinga.
O Jesus, ha miskunn, medan miskunn kan bli gjeve, så eg
ikkje blir dømt på domedag.
Det er mi eiga skuld at du kan dømme meg,
men likevel stoppar du ikkje å frelsa meg.

Sis ergo mihi Jesus, propter hoc nomen tuum,
et miserere mei, fac mihi secundum hoc nomen
tuum respice me miserum invocantem hoc
nomen amabile tuum: Jesus.

O du schöne!

O du Schöne!
Wie plagst du meine Seele!
daß nichts als Leiden und Schmerzen,
Schmerzen und Pein, mein Trost muß sein.
Ich sterbe dir unde lebe mir,
und fühl am besten wie ich mich quäle.
Wann wird die Zeit doch
ercheinen für mich Amen?

O quam metuendus est locus iste!

O quam metuendus est locus iste!
Vere non hic aliud
nisi domus Dei et porta coeli.

In ea, qui petit, accipit,
qui quaerit, invenit,
et pulsanti aperietur.
Alleluia.

Orantibus in loco isto,
Dimitte peccata, Domine,
et ostende eis viam bonam,
per quam ambulent,
et da gloriam in loco isto.
Alleluia.

Ver difor for meg Jesus, for ditt namn,
og miskunna meg, for ditt namn,
sjå meg, ynkjelege syndar, når eg kallar ditt kjære namn:
Jesus.

O du Schöne!

O, du vakre!
Kor du plagar sjela mi!
så eg ikkje anna enn pine og smerte,
smerte og pine, må vere trøysta mi.
Eg døyr av deg og lever av meg,
og føler meg best når eg plagar meg sjølv.
Men kva tid skal tida
kome for meg arme?

O quam metuendus est locus iste!

Å, kor storslagen denne staden er!
Sanneleg kan det ikkje vere noko anna
enn Guds hus og himmelporten.

I det skal han som spør få,
han som søker, finne,
og til han som bankar, skal det bli opna.
Halleluja.

Tilgjev syndene til dei
som ber på denne staden, o Herre
og lær dei å gå den rette vegen,
som dei burde gå på,
og levne denne staden høveleg ære.
Halleluja.



PROGRAM, S. 18
BAROKKFEST 2018

KRAKOW-RORANTISTENE: KIRKEKLANGEN FRA ØST

Onsdag, 31. januar, 19.30, Nidarosdomen

The Royal Rorantists:

Lukasz Dulewicz - kontratenor

Zygmunt Magiera - kontratenor / tenor

Szczepan Kosior - tenor

Blazej Wilinski - tenor

Maciej Michalik - bariton

Pawel Popowicz - bariton

Wojciech Dylag - bass

Pawel Doronowski - bass

Michal Bialko - orgel

PROGRAM, S. 19

BAROKKFEST 2018

GREGORIANSK SANG
Rorate Caeli

MARCIN PALIGON
Rorate Caeli

JAN Z LUBLINA (1540)
Kyrie Fons Bonitatis - Christe - Ultimium
Kyrie

KRZYSZTOF BOREK (D. 1589)
Kyrie, Gloria - "Missa Te Deum lau-
damus"

JAN Z LUBLINA
Patrem Sollemne

KRZYSZTOF BOREK
Credo - "Missa Te Deum laudamus"

MIKOLAJ Z KRAKOWA
Date Siceram Moerentibus

KRZYSZTOF BOREK
Sanctus (A 5)

JAN Z LUBLINA
Tantum Ergo Sacramentum

BARTLOMIEJ PEKIEL (D. 1670)
Ave Maria

TOMASZ SZADEK (1550 -1612)
Agnus Dei - "Officium in melodiam
motetæ Pisneme"

JAN Z LUBLINA
Non Mortui Laudabunt Te Domine
De Profundis Clamavi

GRZEGORZ GERWAZY GORCZYCKI
(1665 – 1734)
Sepulto Domino
Salve Regina

WINCENTY Z KIELCZY
Gaude Mater Polonia

Polen er eit land med ei lang, kronglete historie. Går ein gjennom det norske skulevesenet, som er mest interessert i å skildra historier der Noreg er med, kan ein få inntrykk av at Polen alltid har vore kasteball mellom grannane i aust og vest, Russland og Tyskland. Sanninga er ei heilt anna: Frå seinmellomalderen og fram til 1699 var Polen, i union med Litauen, ei europeisk stormakt, som sette preg på det politiske biletet overalt på kontinentet. Det skulle berre mangle at ei slik stormakt utvikla eigne kulturelle uttrykk.

Rorantistane har fått namnet sitt frå salma Rorate coeli ('La det drype,

himmel'), som er ei vanleg salme for bruk i adventstida. I Polen blei det vanleg at ein i adventsvekene hadde ein gjennomgang av ei spesiell rorate-messe, der denne teksta var brukt under inngangsprosesjonen. Rorantistane var eigne spesialensemble, som vi fyrst kjenner til på starten av 1540-talet, som var laga for å gje desse messene, og andre særskilde kyrkjehendingar i løpet av året, ekstra vekt. Desse utvikla eit eige musikkrepertoar, i sær basert kring kyrkesong utan akkompagnement, som er unikt for Polen.

Slike tradisjonar har det vore mange av, men dei har gjerne vore kjenneteikna av

at ein har måtte kome til dei: Når ein tradisjon med bruksmusikk blir forbunden til musikklivet på ein særskild stad, har han ofte difor vore svært stadbunden. Slike tradisjonar står difor òg i fare for å bli oversett av eit stadig meir globalt musikkpublikum. At Barokkfest kan presentere polske rorantistar er difor heilt spesielt, og noko publikum absolutt ikkje bør misse!

PROGRAM, S. 20
BAROKKFEST 2018





BAROKK- DRONNINGEN

Torsdag 1. februar, 19:30, Frimurerlogen

Ann Hallenberg, mezzosopran
Steven Devine, dirigent
Trondheim Barokk, orkester

PROGRAM, S. 21

BAROKKFEST 2018

GEORG FRIEDRICH HÄNDEL (1685 - 1759)
Agrippina - Ouverture

GEORG FRIEDRICH HÄNDEL
Agrippina - Ogni vento

RICCARDO BROSCHI (1698 - 1756)
Artaserse - Son qual nave ch'agitata

GEORG FRIEDRICH HÄNDEL
Concerto Grosso Op 6 no. 4:
Larghetto affettuoso - Allegro -
Largo e piano - Allegro

GEORG FRIEDRICH HÄNDEL
Serse - Crude furie

Pause

GEORG FRIEDRICH HÄNDEL
Ariodante - Ouverture

GEORG FRIEDRICH HÄNDEL
Ariodante - Scherza infida

ANTONIO VIVALDI (1678 - 1741)
Konsert for strykere i C-dur RV1 10:
Allegro - Largo - Allegro

ANTONIO VIVALDI
Il Farnace - Gelido in ogni vena

NICOLA PORPORA (1686 - 1768)
Semiramide riconosciuta - In braccio a mille furie

PROGRAM, S. 22

BAROKKFEST 2018

På Barokkfest har det med åra blitt tradisjon å ha ein konsert med operaarier av Händel og andre glimrande barokkoperakomponistar i Trondheims eiga barokkstorstove, Frimurarlogen. Årets songstjerne er sjølvaste Ann Hallenberg, som i seinare år har vunne hevd som ei av verdas fremste barokkmezzosopranar.

Riccardo Broschi (ca. 1698-1756) og Nicola Porpora (1686-1768) var to av dei leiande komponistane frå Napoli i barokken. Napoli var byen som kanskje meir enn nokon annan var kjend for muskarane sine, i sær takk vere at fleire av barneheimane i byen spesialiserte seg på å gje ungane ei djuptgåande musikkutdanning - dei tok

øg inn andre enn barneheimsungar. Dei to komponistane hadde band utover heimbyen: Carlo Broschi (1705-1782), bror til Riccardo, gjekk ei tid i lære som songar under Porpora, som med tida blei ein namngjeten pedagog. Carlo skulle seinare ta kunstnamnet Farinelli, og bli den mest kjende kastratsongaren i musikkhistoria.

Utover dette, skulle liva til dei to ta svært ulike baner. Broschi flytta mot slutten av 20-åra til London, der han fekk sin største kommerielle suksess med operaen Artaserse, om sonen til persarkongen Xerxes, som hadde prøvd å hærta Hellas. Sidan reiste han til Madrid, slik ein annan stor neapolitansk komponist, Domenico Scarlatti.

Porpora slo seg fyrst ned i Vivaldis Venezia, men reiste sidan òg til London, og blei presentert som eit motstykke til Händel. Sjølv med den namngjetne Farinelli på laget greidde han ikkje å få etablert seg her, men enda i staden opp i Dresden, der han blei utkonkurrert av den same Hasse som Broschi hadde arbeidd med. I 1752 slo han seg ned i Wien, der han greidde å få klora seg inn i musikkhistoria som lærar: til songtimane sine leigde han tenestene til ein ung, fattig muskar som heitte Joseph Haydn.

Ogni vento

Ogni vento ch'al porto lo spinga,
ben che fiero minacci tempeste,
l'ampie vele gli spande il nocchier.

Regni il figlio, mia sola lusinga,
sian le stelle in aspetto funeste,
senza pena le guarda il pensier.

Son qual nave ch'agitata

Son qual nave ch'agitata
da più scogli in mezzo all'onde
si confonde e spaventata
va solcando in alto mar.
Ma in veder l'amato lido

Ogni vento

For kvar ein vind, som bringer han til hamna
sjølv når ville stormar herjar,
set sjømannen fulle segl.

Om son min herskar, mitt eine ynskje,
kunne jamvel stjernene mørkne;
uredd skulle eg skode dei.

Son qual nave ch'agitata

Eg er som eit skip som blir kasta
mellom skjera i bølgiene.
Forvirra og skrekkslagen
pløyer eg meg veg gjennom den høge sjøen.
Men, når eg kjennest ved mi kjære strand,

lascia l'onde e il vento infido
e va in porto a riposar.

Crude furie

Crude furie degl'orridi abissi,
aspergetemi d'atro veleno!

Crolli il mondo, e'l sole s'eclissi
a quest'ira che spira il mio seno!

Scherza infida

E vivo ancora?
E senza il ferro.
Oh! Deil che farò?
Che mi dite, o affanni miei?

Scherza infida in grembo al drudo,
io tradito a morte in braccio
per tua colpa ora men vo.

Mà a spezzar l'indegno laccio.
Ombra mesta e spirito ignudo
Per tua pena io torerò.

Gelido in ogni vena

Gelido in ogni vena
scorrer mi sento il sangue,
l'ombra del figlio esangue
m'ingombra di terror.

E per maggior pia pena,
credo che fui crudele
a un'anima innocente,
al core del mio cor.

In braccio a mille furie

In braccio a mille furie
Sento che l'alma freme,
Sento che unite insieme

kan eg forlata bølgiene og dei ville vindane
og gå i hamn for å kvile.

Crude furie

Skrekkelege furier frå fryktelege avgrunnar,
kvel meg med gifta dykkar!

Måtte jorda ramle sund, og sola mørkne
av sinnet mitt, og eg møte undergangen!

Scherza infida

Lever eg enno?
Men utan eit sverd.
Akk! Gudar! Kva skal eg gjere?
Kva seier de, fryktene mine?

Kos deg, trulause, i armane til elskaren din.
Eg gjev meg hen til daudsens famntak,
no som eg er sviken av deg.

Men, for å bryte dette skamfulle bandet,
skal eg, som ei arm og trist ånd,
kome att for å heimsøka deg.

Gelido in ogni vena

Eg kjenner blodet
renne gjennom årene.
Skrømtet etter son min
fyller meg med skrekk.

Og for enno større sorg
trur eg har vore hjarterå
mot ei uskuldig sjel,
mot min sanne kjærleik.

In braccio a mille furie

Eg kjenner ånda mi skjelve,
hærteken av tusentals furier
som no slår seg saman

PROGRAM, S. 24

BAROKKFEST 2018

Colle passate ingiurie med urett frå fortida
Tormentano il mio cor. for å plaga hjartet mitt.

Quella l'amor sprezzato Ei tvingar fram minne
Dentro al pensier mi desta om ulukkeleg kjærleik,
E mi rammenta questa medan ei anna minnar meg
L'invendicato onor om mi uhemna ære.

Stà nell'Ircana pietrosa Stà nell'Ircana pietrosa

Stà nell'Ircana pietrosa I ei steinhole i Hyrkania
tana Tigre sdengosa, nøler ei sint tigresse,
e incerta pende, se parte, usikker på om ho skal flykte
o attende il cacciator. eller vente på jegeren.

Dal teso strale guardar si vuole;
ma poi la prole lascia in periglio.
Freme e l'assale desio di sangue,
pietà del figlio, poi vince amor.

Frå den spende pila ville ho vakta seg;
men det ville setje ungane hennar i fare.
Ho skjelv, som under åtak av blodtåke
for ungens skuld. Men til slutt sigrar
kjærleiken.





PROGRAM, S. 25
BAROKKFEST 2018

FUEGO AL MUNDO - I FYR OG FLAMME!

Fredag, 2. februar, 19:30, Frimurerlogen

Lixsania Fernández,
viola da gamba og kunstnerisk leiar

Recóndita Armonia:
Jorge Juan Morata, tenor
Farran Sylvan James, fiolin
Eduardo Egüez, teorbe og barokkgitar
Esteban Mazer, cembalo og positivorgel

PROGRAM, S. 26

BAROKKFEST 2018

MARIN MARAIS (1656-1728)
Sarabande à l'Espagnole

SEBASTIÁN DURÓN (1660-1716)
Sosieguen, descansen

JEAN BAPTISTE LULLY (1632-1687)
Air des Espagnols
Gigue

SEBASTIÁN DURÓN
Cuantos teméis al vigor
Pause el ánimo tímido ya
Otro adora lo que adoro

GASPAR SANZ (1640-1710)
Canarios

SEBASTIÁN DURÓN
Dime, deidad fiera

MARIN MARAIS
Les Folies d'Espagne

Pause

SEBASTIÁN DURÓN
Duerme, rosa, y descansa

ANTOINE FORQUERAY (1671-1745)
La Buisson

SEBASTIÁN DURÓN
Fronroso laurel

MARIN MARAIS
Le basque
SEBASTIÁN DURÓN
Guárdate, Amor

JEAN BAPTISTE LULLY
Deuxième air des Espagnols

SEBASTIÁN DURÓN
Si hacemos tregua
Vaya, pues, rompiendo el aire

I klassisismen var fiolinen utan konkurrent som det viktigaste melodiinstrumentet i dei fleste ensemblesamanhengar. Det var ikkje gjeve, men heller resultatet av ein lang prosess der fiolinen utkonkurerte andre instrument. Av desse kan ein nemne blåseinstrumentet zinke, der det siste kjende virtuosstykket for instrumentet var skrive av Trondheims eigen Johann Daniel Berlin.

Meir nærliggjande er kanskje samanlikningar med andre strykeinstrument. Ein hadde lenge to konkurrerende strykefamiliar, kalla respektivt viola da braccio og viola da gamba. Namna åleine bruser over av historie: Viola var namnet på grunninstrumentet i kvar familie; ein

fiolin er eigentleg ein liten viola; av viola di braccio fekk vi namnet bratsj. Namneskilnaden kjem av måten ein spela dei respektive instrumenta på: medan viola da braccio (armfele) var heldt på armen, heldt ein viola da gamba (fotfele) mellom føtene.

Klangen i instrumenta var ulik, og det var her gamba til slutt skulle tape: fiolinen hadde ein skarpare, meir skjerande klang, og etter kvart som konsertsalane blei større, blei difor fiolinen meir eigna enn gamba-familien. Heilt forsvann gambene likevel ikkje: den moderne kontrabassen er eigentleg ikkje ein del av fiolinfamilien, men er konstruert som ei slags blandingsform mellom fiolin og gambe.

Lixsania Fernández har opphavet sitt på Cuba. Då spanjolane koloniserte Latin-Amerika, tok dei med seg den heimlege barokkmusikken, og mykje av denne har, i ulike former, blitt verande att som ein del av kulturarven frå Spania. No har ho teke musikken med seg attende til Spania, og til Trondheim kjem ho saman med ensemblet Recóndita Armonía. Barokkfest kan lova unike tolkingar av barokkrepertoar, frå både sidene av Pyreneane, med latin-amerikansk svung!



Händel-opera:

IL TRIONFO DEL TEMPO E DEL DISINGANNO

Lørdag, 3. februar, 19:00, Erkebispegården, Øysteinsalen

Natalie Perez, Belleza
May Kristin Svanholm Hegvold, Piacere
Alberto Miguélez-Rouco, Disinganno
Kristoffer Emil Appel, Tempo

Paul Agnew, dirigent
TSO Tidlig

I SAMARBEID MED
TRONDHEIM SYMFONIORKESTER.



TRONDHEIM
SYMFONIORKESTER

Il trionfo del Tempo e del Disinganno har alle kjenneteikna til ein klassisk Händel-opera, og er jamnleg sett opp på operahus. Likevel har han klare åndelege forteikn. I 1707 var Händel på dannelsreise gjennom Italia, med støtte frå den mektige Medici-familien. Han var berre eit par-og-tjue år, men hadde allereie store ambisjonar som opera-komponist. Som genre var operaen til tider mistenkt for å vere i overkant kroppslig, og i Roma var oppføringar av opera jamvel forbode. Då skreiv Händel istaden religiøs musikk med klare operaiske trekk, mellom anna den kjende tonesettinga hans av vespersalma *Dixit Dominus*. Eit anna verk, med ein meir uklar religiøs profil, var oratoriet *Il trionfo de Tempo e Disinganno*. Her finn ein ein oratorietradisjon som er svært ulik det ein seinare skulle bli kjend med hjå Händel i storverk som *Messias* (1741): Verket er på mange måte ein opera. Det er nemlig ikkje eit oratorium

i klassisk, protestantisk forstand, slik vi kjenner det. Verket høyrer til en særskild genre som blei til i det katolske Europa under motreformasjonen, altså perioden like etter reformasjonen, då den katolske kyrkja slo attende mot den protestantiske reformrørsla ved å overdrive den tradisjonelle læra til den katolske kyrkja. I denne genren blei moralske spørsmål tekne opp i form av allegoriske drama, der handlinga spelar seg ut mellom karakterar som representerer abstrakte kvalitetar.

Som ein kan sjå frå Händels seinare oratorium, var det mest vanleg å bruke bibelske tekster i oratoriet, og i sær gamletestamentlege (*Messias* er eit unntak, og eit mange reagerte på i samtida). Samstundes finn ein altså òg ein tradisjon der ein sette reflekterande, filosofiske tekster til musikk - som ikkje handla om bibelske tema, men som passa inn i ein kristen etikk. I dette tilfellet

er handlinga ei metaforisk kappestrid mellom personifiseringane av Venleiken (*Bellezza*) og Vellysta (*Piacere*) på den eine sida, og Tida (*Tempo*) og Innsikta (*Disinganno*; eigentleg «Desillusjonen») på den andre.

Her er dei store korsatsane og dei bibelske forteljarstemmene som driv handlinga i dei seinare Händel-oratoria skifta ut til fordel for eit narrativ og eit tonespråk som liknar det ein finn i operahuset, med dialogar, skiftande alliansar og psykologiske skifte. Det gjer at verket - i motsetnad til dei seinare oratoria til Händel - kan passe like godt med scenehandling som utan. I dette verket gjev alle referansane til slott, hagar, speglar, hårløkkar og strieskjorter, samt den uvanleg nære dialogen mellom figurane, eit verk som svært gjerne kunne bli framført med scenehandling. Samstundes treng det ikkje å vera slik: Med musikken til



Händel blir teksta sterke nok til at bileta kan bli skapte på eiga hand. Ein må difor spørje seg: Er skiljet mellom opera og oratorium eigentleg relevant utanfor kyrkja? Det er vanskeleg å koma til nokon annan konklusjon enn at Händel sjølv i ung alder meistra både formene heilt og fullt, og kunne gå mellom dei som han ynskte ved ulike høve.

Kva handlinga gjeld, ligg ho nær operaen i dialogen og sjelelivet til figurane. Likevel syner verket eit kyrkjeleg perspektiv på saka ved at konflikten i verket eigentleg blir løyst ganske fort: Argumenta til Venleiken og Vellysta er alltid basert på ein illusjon, og blir lett vifta bort. Medan Vellysta ikkje har noka rolle i verda til Tida og Innsikta, omvender dei Venleiken frå å sjå det vakre i det fysiske til å sjå det i ævelege sanningar. Slik stadfestar oratoriet tanken til Platon - som ein òg finn i kristendomen - om at det vakre, det sanne og det gode er

eitt. Vellysta får dei aldri overtala, men ho forsvinn heller ikkje, og med god grunn: Medan Venleiken vel å kle seg asketisk for å søkja sanninga, var nok dei færreste som såg premiera av oratoriet viljuge til å gjera det same.

Sjølv om dette er eit tidleg verk, står musikken til Händel fjellstøtt på egne føter. Dette kan ein sjå av lagnaden til ein av ariane. I Händels aller fyrste opera, *Almira, Königin von Castillien* (Almira, dronning av Castilla; 1704), blei ein av Händels mest kjende melodiar for fyrste gong introdusert, her som ein asiatisk dans. I *Il trionfo* brukte Händel denne opp att som ein av ariane til Vellysta, *Lascia la spina, cogli la rosa* (La torna vere, ta heller rosa). I denne forma skulle han sidan bruka han opp att i operaen *Rinaldo* (1711), der med teksta *Lascia ch'io pianga* (La meg gråte). Denne arien har sidan blitt ein publikumsfavoritt, og er blant dei mest framførte operaariene til

Händel i dag. At Händel hadde tru på oratoriet, kan ein òg sjå av den vidare verkshistoria. Den fyrste nyoppsettinga av verket fann stad i 1731, under tittelen *Il trionfo de Tempo e della Verità* (Triumfen til Tida og Sanninga), og sjølv om teksta framleis var på italiensk, prøvde Händel å tilpassa verket til eit engelsk publikum. Enno lengre gjekk ein i 1757, då ein fekk verket sett opp på engelsk, som *The Triumph of Time and Truth*. Då var Händel sjølv heilt blind, og sjølv om verket nok ein gong blei omskrive, er det usikkert kven som eigentleg stod bak endringane. Det syner likevel at Händel, 50 år etter at han fyrst skreiv verket, framleis hadde tru på at verket gav gjenklang hjå lyttarane. Det gjer det framleis.

Songarane er årets deltakarar på Young Soloist Academy.



IL TRIONFO DEL TEMPO E DEL DISINGANNO

HWV 46a

Oratorio in due parti

Musica di Georg Frideric Handel

Libretto di Benedetto Pamphili

TIDA OG INNSIKTAS TRIUMF

HWV 46a

Oratorium i to delar

Musikk av Georg Friederich Händel

Libretto av Benedetto Pamphili

PARTE PRIMA

Bellezza

Fido specchio, in te vagheggio
lo splendor degl'anni miei:
pur un dì mi cangerò.

Tu sarai sempre qual sei,
io qual sono, e in te mi veggio;
sempre bello non sarò.

Piacere

Io, che sono il Piacere,
giuro, che sempre sarai bella.

Bellezza

Ed io, io che sono la Bellezza,
giuro di non lasciarti:
e se manco di fede
importuno dolor sia mia mercede.

Piacere

Fosco genio, e nero duolo
mai non vien per esser solo,
perché un sol mille ne fa.
Chi l'impero lor non toglie
dal pensiero
giorno lieto non avrà.

FYRSTE DEL

Venleiken

Trufaste spegl, i deg beundrar eg
glansen av ungdomsåra mine:
men ein dag skal eg endrast.

Du skal alltid forbli som du er,
eg skal alltid sjå meg sjølv i deg;
vakker skal eg ikkje alltid vere.

Vellysta

Eg, som er vellysta,
lovar, at du alltid skal vere vakker.

Venleiken

Og eg, som er venleiken,
sver at eg aldri skal forlata deg:
bryt eg nokon gong ordet mitt
la mødesam sorg bli mi løn.

Vellysta

Eit dystert sinn og svart fortviling
kjem aldri einsame,
for ein åleine skapar tusen meir.
Den som ikkje maktar å fjerna
deira tyranni frå hugen
skal aldri kjenne ein lukkeleg dag.

Tempo

Ed io che 'l Tempo sono...

Tida

Og eg, som er Tida...

Disinganno

...unito al Disinganno...

Innsikta

...skal saman med Innsikta...

Tempo

...discoprirò che la Bellezza è un fiore...

Tida

...syne at Venleiken berre er ein blome...

Disinganno

...che in un sol giorno è vago e bello, e muore.
Se la bellezza
perde vaghezza,
se cade, o more,
non torno più.
E un sol momento
ride contento
il vago fiore
di gioventù.

Innsikta

...som ein einsleg dag er ven og vakker, og så døy.
Om venleikens
blome visnar,
om han svinn eller døy,
kjem han aldri att.
For berre ei kort stund
kan den vakre
ungdomsblomen
le i glede.

Piacere

Dunque, si prendon l'armi,

Vellysta

Så la oss ta opp våpna,

Bellezza

e si vedrà quali più forza avranno:

Venleiken

og så skal vi sjå kven som er mektigast:

Piacere

il Piacer...

Vellysta

Vellysta...

Bellezza

...la Bellezza...

Venleiken

...Venleiken...



Tempo

...il Tempo

Tida

...Tida...

Disinganno

...il Disinganno.

Innsikta

...eller Innsikta.

Bellezza

Una schiera di piaceri
posi in guardia ai miei pensieri,
l'altro meco pugnerò.
Si vedrò
se del Tempo i morsi alteri
san rapir lei mia beltà.

Venleiken

Ein tropp av gleder
har eg stilt opp for å verne tankane mine,
ein annan vil kjempe med meg.
Vi skal no sjå
om dei mektige bita til Tida
kan røva fagerdomen min.

Tempo

I colossi del sole
Per me caddero a terra:
e una frale beltà meco fa guerra?

Tida

Store statuar vigde til solguden
har ved mi makt falle til grunne:
og den skjøre Venleiken skal krige mot meg?

Urne voi, che racchiudete
tante belle:
apritevi,
mostratemi
se di quelle

qualche luce in voi restò.

Ma chiudetevi:
sono larve di dolore,
sono scheletri d'orrore
ch'il mio dente abbandonò.

Umer, som rommar så mange
som var vakre,
opna dykk,
syn meg
om noko
av ljuset er att i dykk.

Forbli heller lukka:
sorgskrømt, og
skrekkelege daudingar
er alt tennene mine lét vere att.

Piacere

Sono troppo crudeli i tuoi consigli:
di Gioventù solo i piacer son figli.

Vellysta

For harde er domane dine:
av Ungdomen åleine er gledene fødde.



Bellezza e Piacere

Il voler nel fior degl'anni
fra gl'affanni
passar l'ore è vanità.
I pensieri
più severi
son del verno dell'età.

Disinganno

Della vita mortale,
scorre un guardo, il confine.
Pur di tempo sì breve
voi l'aurora vedete, e non il fine.

Bellezza

Il Tempo non si vede;
nacque per gioco sol di folle arciero,
ed è solo crudel per chi gli crede.

Un pensiero nemico di pace
fece il Tempo volubile edace,
e con l'ali la falce gli diè.
Nacque un altro leggiadro pensiero,
per negare sì rigido impero,
ond' il Tempo più Tempo non è.

Disinganno

Folle, tu nieghi il Tempo, ed in quest'ora
egli di tua beltà parte divora.
Dimmi, degl'avi tuoi ora che resta?
Restano l'ossa argenti,
che cela un'uma breve,
un freddo sasso.

Venleiken og Vellysta

I eins ungdomsbløming å ynskje
å bruke tida til å uroa seg,
er berre toskeskap.
Dei alvorlegaste tankane
høyrer til
alderdomsvinteren.

Innsikta

For eit dødeleg liv
å skoda, rekk eitt blikk.
Men sjølv for så kort tid
ser de berre daggry, og ikkje slutten.

Venleiken

Tida kan ein ikkje sjå; ho er berre fødd
som ein vits frå ein dårlete bogeskyttar
og er berre vond mot dei som trur på ho.

Ein tanke i strid med freda
gjorde Tida i stand til å fortæra,
og gav han vengjer og ljå.
Men ein annan, mildare tanke er det
å nekta slik hard makt,
slik at Tida ikkje meir er Tid.

Innsikta

Du, ditt fjols, fomektar tida, men jamvel no
fortærer ho delar av venleiken din.
Sei meg, kva er att av føregjengarane dine?
Berre kalde bein er att,
som er løynde av ei lita urne,
eller av ein kald stein.



Deg'anni tuoi già spenti,
dimmi, che ti rimane? O, folli inganni!
La beltà non ritorna, e toman gl'anni.

Piacere

Il Tempo sempre all'uomo è ingrato oggetto.

Bellezza

Con ingegnosa frode,
quando a lui non si pensa, allor si gode.

Tempo

Nasce l'uomo, ma nasce bambino,
nasce l'anno, ma nasce canuto.
Uno è sempre al cader più vicino,
l'altro sorge dal tempo caduto.

Disinganno

L'uomo sempre se stesso distrugge,
l'anno sempre se stesso rinnova,
Uno parte, ma torna se fugge,
l'altro parte, ma più non si trova.

Piacere

Questa è lo reggia mia:
vagheggiami diviso in varie forme.
Coronato di rose,
mira scolpito in bianco marmo eletto
leggiadro stuol di giovanetti erranti.
Mira quello che dome,
ai papaveri unite
edere fresche a lui fanno corona,
molto crine è disciolto e non si cangia

Sei meg, kva er att for deg,
av åra som gjekk? Å, tåpelege narrespell!
Sjølvs om åra kjem att, gjer ikkje venleiken det.

Vellysta

Tida har alltid vore utiltalande for mennesket.

Venleiken

Når ein er slu og forrådar seg sjølv,
og ikkje aktar tida, då hyggjer ein seg.

Tida

Når mennesket er fødd, er det fødd som barn,
medan året er fødd gamalt.
Menneske er alltid i ferd med å visna bort,
men året stig or svunne tider.

Innsikta

Mennesket øydelegg alltid seg sjølv,
året fornyar alltid seg sjølv.
Året svinn, men kjem att med det flyg;
Mennesket svinn, men blir aldri funne att.

Vellysta

Dette er kongsslottet mitt,
sjå, kor eg kjem i mange former.
Krona med roser,
og hogga i kvite stein,
med yndefullt selskap av vandrane ungdom.
Sjå den eine sova,
kledd i valmuar,
og med grøn eføy vikla som krone,
det bustete håret hans blir korkje endra

o per pensier s'imbianca.
Poi, dalla parte manca,
vedi il dolore in nera pietra espresso,
col riso al labbro un bel garzon l'uccide.
L'altro, ch'è presso ci lui, col fiero ciglio,
guardo le soglie della reggia, e dice:
«Ite pallide cure, ite in esiglio».

Disinganno

Crede l'uom ch'egli riposi
quando spiego i vanni occulti.
Ma se i colpi sono ascosi,
chiari poi sono gl'insuiti.

Tempo

Tu credi che sia lungi, e il Tempo è teco.

Bellezza

Piacere, io non l'intendo;
meco sempre tu sei, misto d'affanno,
e meco è sempre il Tempo, e il Disinganno.

Tempo

Quanto chiude la terra è il regno mio.
Se me veder non vuoi,
pensa di farti in Cielo un'alma sede,
in Cielo, ov'io non giungo,
e dove bella Etemità risiede.
Fa di me miglior uso,
che se il piacer t'inganna;
con tardo pentimento
mi chiamerai: ed io dirò
«non sento».

eller kvitt av stell.
Så, til venstre
sjå Sorga avbilda i svarte steinen, drepen
av ein vakker gut med smil på leppene.
Ein annan, nær han, med harde auge,
held vakt over porten til hoffet mitt, og seier:
«Forsvinn, bleike otter, gå i eksil.»

Innsikta

Mennesket trur tida søv
når ho eigentleg spreier vengjene sine usett.
Men er vengeslaga løynde,
er herjingane hennar openbare.

Tida

Du trur ho er langt borte, men Tida er her med deg.

Venleiken

Vellyst, eg forstår deg ikkje:
du er alltid med meg, blanda med uro,
men òg Tida og Innsikta er med meg.

Tida

Alt av denne verda er i riket mitt.
Såg du meg helst ikkje,
så jobb for ein stol i Himmelriket;
i Himmelen, der eg ingen stad har,
og den vakre Æva held til.
Gjer betre bruk av meg,
for om Vellysta narrar deg,
og du angrar deg for seint
skal du kalla på meg, og eg skal svara
«Eg høyrer ikkje»



Folle, dunque tu solo presumi
che non voli più il Tempo per te?
Va per mari, per monti, per fiumi,
chiuso rocche fra bellici orrori,
lieti alberghi di rozzi pastori,
solo ardito trascorro col piè.

Disinganno

La reggia del Piacer vedesti, or vieni.

Tempo

Chiedi piacer sincero;
vieni alla reggia, ove risiede il vero.

Bellezza

Se non sei più ministro di pene,
per vedere ove è il vero piacere
la tua scorta fedel seguirò.

Piacere

Non lasciare la strada fiorita:
tu non sei qual sentiero t'addita.

Disinganno e Tempo

Se ti vanti piacere sincero,
perché fuggi lo specchio del vero?

Piacere

Io preparo presenti contenti,
e non offro un'immagin di bene
ch'agli eroi per idea s'inventò.

O däre, trur du for deg åleine
at Tida ikkje skal kome?

Eg går gjennom hava, fjella, elvene,
gjennom sterke fort i fryktelege krigar,
og dei lukkelege buplassane til landsens hyrdar
kan eg åleine knusa, med urokkelege steg.

Innsikta

De har sett palasset til Vellysta; kom no med oss.

Tida

Finn ekte lukke;
kom til palasset, der sanninga bur.

Venleiken

Om de no ikkje bringer oss smerte,
då blir eg med for å sjå kvar den ekte lukka bur;
trufast fylgjer eg fotefara dine.

Vellysta

Forlat ikkje dei blomedekte stigane:
du kjenner ikkje vegen dei syner deg.

Innsikta og Tida

Om du skryt på deg sann glede,
kvifor skyr då du sanningsspegelen?

Vellysta

Eg skapar gleder for det som er no,
eg byr ikkje ei hildring av det gode
som er laga som eit ideal for heltar.



PARTE SECONDA ANDRE DEL

Tempo

Se del falso piacere
vedesti già la favolosa scena,
del teatro del vero,
ecco, il velo io discopro.

Osserva, e mira,
mira colei che Verità s'appella;
vedrai che non s'adorna,
e sempre è bella.

Con bianca veste cinta,
mira come si volge al Sole eterno,
e quello specchio mira,
che a frale sguardo, ed all'uman pensiero,
il falso rende al falso, il vero al vero.

Piacere

Chiudi, chiudi i vaghi rai
volgi lungi il tuo pensier.
O per sempre perderai,
infelice, il tuo piacer.

Tempo

In tre parti divide
l'ore del viver tuo misura, e vedi;
vedi il Tempo caduto,
vedi, ingrata, il rifiuto
dei lumi eterni, e vedi il proprio errore.
Vedi il presente, che nascendo muore.
Di là dal denso velo
ove giace il futuro,
se il tuo sguardo non scopre,

Tida

Den falske gleda
sine underhildningar har du no sett;
til sanningsteateret,
sjå, trekkjer eg frå forhenget.

Sjå, og undra deg,
undra deg over ho, som vert kalla Sanninga,
du vil sjå at ho ikkje er tilsmykka,
men likevel alltid er vakker.

Kledd i kvite klede,
sjå kor ho snur seg til Sola, som alltid er,
og sjå òg spegelen,
som til dødelege åsyn og menneskelege tankar
syner falskt som falskt, og sant som sant.

Vellysta

Lukk, lukk dei vakre auga dine,
la oss snu oss bort for godt.
Ellers vil du for alltid tapa,
du ulukkelege, gledene dine.

Tida

I tre delar del
Ein time av livet, og sjå kvar ein;
sjå dei svunne tidene,
sjå, utakksame, kor du nekta
det ævelege ljøset, og ved din eigen feil.
Sjå denne time, som døyr med han blir fødd.
Bak desse tunge forhenga,
der framtida ligg,
kan åsynet inkje skoda;



il varco è aperto alla speranza, all'opre.

Bellezza

Io sperai trovar nel vero
il Piacer, né il veggio ancora.
Anzi il mio fato severo
si contrista alla sua vista
e si perde, o si scolora.

Piacere

Tu vivi invan dolente,
se mi cerchi e mi chiami, io son presente.

Tu giurasti di mai non lasciarmi,
o il dolore che sia tua mercede.
Se risolti di più non amarmi,
sai la pena a chi manca di fede.

Tempo

Sguardo, che inferno ai rai del sol si volge,
non sostiene il gran lume,
incolpa il sole, ed è l'error dei sensi.
Che risolti? Che pensi?

Bellezza

Io vorrei due cori in seno:
un per darlo al pentimento,
al piacer l'altro darei.

Disinganno

Ma, dimmi, a qual piacere?

her er vegen open for von, og for gjeming.

Venleiken

I sanninga hadde eg von om å finne
gleda, men likevel ser eg ho ikkje.
Heller må eg sørgje over
den harde lagnaden sanninga syner
for alt går tapt eller bleiknar.

Vellysta

Fånyttes lever du i sorga;
søkjer du meg og kallar på meg, er eg her.

Du gav eid på aldri å forlata meg,
elles skulle sorga verte løna di.
Vel du å ikkje elska meg meir,
får du kjenne smerta til dei trulause.

Tida

Eit kort blikk kasta mot strålene til sola
kan ikkje tåle det sterke ljuset;
du kan skulde på sola, men feilen ligg i sansane.
Kva vel du? Kva trur du?

Venleiken

Eg ynskjer eg hadde to hjarte i brystet:
eitt å gje til botsgangen
og eitt å gje til gleda.

Innsikta

Men sei meg, til kva glede?



Bellezza

Al piacer che più sereno
pone in vista il mio contento,
di cui poi mi pentirei.

Disinganno

Io giurerei che tu chiudesti i lumi
nello specchio del vero.

Bellezza

I lumi io chiusi p
erché timor mi prese
di perder la bellezza, e il mio Piacere.

Disinganno

Quanto l'alma è più bella
della spoglia mortale,
tanto a Piacer terreno
vero Piacer prevale.

Più non cura
valle oscura
chi dal monte saggio vede,
ch'ella sieđe in basso orror.
E d'averla un giorno amato,
è così l'alma sdegnata
che detesta il proprio error.

Tempo

È un ostinato errore
lasciar sicuro duce
che il piede errante o buon cammino ha scorto.
Teco è Tempo, e Consiglio, e presto il porto.

Venleiken

Til gledene som gjer
at eg ser lukka mi klårare;
til dei skulle eg vende.

Innsikta

Eg kunne sverja på at du har
lukka augene føre sanningspegelen.

Venleiken

Eg lukkar auga mine
av di ei frykt grip meg,
for at eg skal miste både Venleiken og Vellysta.

Innsikta

Slik sjela er vakrare
enn den døylege kroppen,
slik overgår sann glede
verdsleg vellyst.

Ikkje meir bryr han seg
om mørke dalar,
han som kløktig frå fjelltopp ser
at dei ligg i mulm og mørke.
Nett slik er det med den sinte sjela
som foraktar sine eigne feil,
dei same som ho ein gong elska.

Tida

Ein er sta og vanskeleg
om ein forlét ein trygg leiar
som har leia sökande føter til ein trygg stig.
Tida og Innsikta er med deg, og målet er nært.



Uvis er styrmannen
som ikkje vil endre kurs
når han veit at vinden skiftar.
O skip, du vakre og utsmykka,
kom att, kom att,
medan du framleis har tid, kom i hamn.

Venleiken

Sant har du snakka, og seint skjøner eg det.
Men likevel, i fortvilinga mi
når eg tenkjer på sorga, både vil og ikkje vil eg.

Eg vil la Tida avgjere...

Tida

..Tida er med deg...

Innsikta

...Innsikta òg...

Vellysta

...men Innsikta bringer med sorga hennar.

Tida

Før eg endrar deg til mold,
så følg det gode...

Innsikta

...flykt frå fare...

Vellysta

...hjertet ditt vil ha tid til å endra seg.



Bellezza

Presso la reggia ove il Piacer risiede
giace vasto giardino.
Ivi torbido rio si muove appena
per aura densa e grave;
dimmi, quel rio, d'onde deriva?

Disinganno

Ascolta.
Deriva da quei pianti
che sparge il mondo insano,
e formano quell'aura
gravi e densi sospir di folli amanti.

Bellezza

Giunge quel rio nel mar?

Disinganno

Manca per via,
perché il suo fine,
e il buon sentiero oblia.

Bellezza

Ed il pianto de' giusti?

Disinganno

Ha stille, che in vederle
sembrano vili,
e pure in ciel son perle.

Piacere

Lascia la spina,
cogli la rosa;

Venleiken

Nær palasset der Vellysta bur
ligg ein vakker hage.
Der er ei sølete elv som knapt renn
gjennom den tjukke, tunge lufta.
Sei meg, kvar kjem denne elva frå?

Innsikta

Høyr meg.
Ho spring frå tårene
frå denne galne verda,
og dei tjukke, tunge sukka
til tåpelege elskarar tjuknar til lufta.

Venleiken

Når elva nokon gong havet?

Innsikta

Ho stilnar på vegen,
for ho gløymer målet
og den rette leia.

Venleiken

Og tårene til dei rettvisе?

Innsikta

Dropene deira kan framstå
som kjedelege,
men dei er reine som perler i himmelen.

Vellysta

Unngå toma,
plukk heller rosa;

tu vai cercando det du søker no
il tuo dolor. er sorga di.
Canuta brina, Frostgufts
per mano ascosa, frå ein løynd veg
giungerà quando vil kome når
nol crede il cor. hjartet ditt minst trur det.

Bellezza

Con troppo chiare note
La Verità mi chiama;
Disinganno cortese,
dello specchio del vero,
deh! fa ch'io veggia un'altra volta il lume.

Disinganno

Eccolo, è pronto.

Bellezza

Addio, Piacere, addio.
Voglio cangior desio
e voglio dir, «mi pento»,
non dir «mi pentirò».
Quando mancar mi sento,
non voglio dar a Dio
quello che più non ho.

Or che tiene la destra
vero specchio immortale,
tu cadrai, vetro frale,
ecco, ti getto, infido specchio, a terra.

Piacere

Fermo!

Venleiken

Med klokkeklare tonar
kallar Sanninga meg.
Kloke Innsikt,
la meg sjå på ny,
akk! sjå ljaset i sanningsspegelen.

Innsikta

Her er det, klart for deg.

Venleiken

Farvel, Vellyst, farvel.
Eg ynskjer å endra ynskja mine,
å seia «eg vender meg om»
og ikkje «eg skal venda meg om»
Når eg kjenner dødstimen min
Ynskjer eg ikkje å gje Vårherre
det eg ikkje meir har.

No som høgrehanda mi held
den udøyelege sanningsspegelen,
skal du, forgjengelege spegl, falle
sjå, trulause spegl, eg kastar deg på marka.

Venleiken

Vent!



Disinganno

Che tenti, ardito?

Chi già fu del biondo crine
consigliero, al suol cadrà.
Soffra pur le sue ruine,
se sovente egli compose
con i gigli e con le rose
tanti inganni alla beltà.

Bellezza

Ma che veggio, che miro?
Io credea d'esser bella, e son deforme.
Nelle mie chiome bionde
con catene di rigidi serpenti,
la vergogna, il dolore,
morda nei miei contenti i miei pensieri.
Sì, sì, cadete a terra
ricche pompe dei crine!
sia questo giorno ai miei deliri il fine.

Ricco pino
nel cammino
getto al mare
e gemme ed ori,
se a lui sono inciampo al piè.
I tesori
trova allor ch'egli disperde,
ad un legno che si perde
trovar porto è gran merce.

Sì, bella Penitenza,
mentre io spargo pentita amaro pianto,

Innsikta

Korleis vågar du, du ovmodige?

Han som var råd for blonde lokkar
skal falla til grunne.
La han vitterleg gå sund,
sidan han så ofte planla,
med liljer og rosen,
så mykje bedrageri for det vakre.

Venleiken

Men kva er det eg ser, kva skodar eg?
Eg trudde meg vakker, men eg er stygg.
I dei blonde lокkane mine
fekk skam og sorg
med lenkjer av stive slangar
gnaga på tankane og lukkene mine.
Ja, ja, fall til grunne,
du rike hårpryd!
La denne dagen setje strek ved illusjonane mine.

Eit rikt skip
på reise
kastar i sjøen alt
av gull og edelsteinar
om reisa står i fare.
Då finn dei
skattane dei nett hadde kasta,
for å finna hamn
er ein stor skatt for eit skip..

Ja, kjære Botsgang
medan eg som bot græt bitre tårer



porgimi irsuto ammantò
e mentre io getto i fior, dammi le spine.

In romito confine
vivrà, ma sempre sola,
che deve solo in solitari chiostri,
mostro di vanità, viver fra i mostri.

Tempo e Disinganno

Il bel pianto dell'aurora
che s'indora,
è una perla in ogni fior.
Pur men grato è quell'umore
di quel pianto, che in un care
già pentito, apre il dolor.

Bellezza

Piacer, che meco già vivesti, il vero
tu mira ancora in questo specchio,
o vola sì lontano da me,
che del tuo vil natale
io mai più non rammenti il quando e il come,
e di te perda e la memoria, e il nome.

Piacere

Come nembo che fugge col vento
da te fuggo sdegnato e severo.
Se l'inganno è il mio solo alimento
come viver io posso nel vero?

Bellezza

Pure del Cielo intelligenze eterne,
che vera scuola a ben amare aprite,
udite, angeli, udite il pianto mio,

bring du meg strieskjorte,
og når eg kastar blomane, så bring meg torner.

På aude stader
skal eg leva, men alltid åleine
for eit forfengeleg monster må bu
blant monsturn, i einslege celler.

Tida og Innsikta

Dei vakre daggrystårene,
som glimer med gull
er perler i kvar ein blome.
Men ikkje er dei vakre
som tårene som sorga vekkjer
i eit hjarte som har vendt seg om.

Venleik

Vellyst, du som ein gong var med meg,
sjå på ny sanninga i denne spegelen,
eller flykt langt frå meg.
Så eg aldri meir skal hugse
noko om ditt usle vesen,
men at eg kan gløyme deg; sjølv namnet ditt.

Vellysta

Slik skyer flyg med vinden
flyg eg frå deg, arg og tverr.
Når lureri er mi einaste næring,
korleis kunne eg leva i sanninga?

Venleiken

Vakre og udøyelege himmelvesen,
som syner den sanne læra om rein kjærleik,
høyr meg, englar, høyr mi klage,



e se la Verità dal Sole eterno
tragge luce immortale, e a me lo scopre,
fate che al gran desio rispondan l'opre.

Tu del Ciel ministro eletto
non vedrai più nel mio petto
voglia infida, o vano ardor.

E se vissi ingrata a Dio,
tu custode dei cor mio
a lui porto il nuovo cor.

FINE DELL'ORATORIO

og sjølv medan Sanninga dreg ævesljøs
før den ævelege Sola, syn meg ljøset,
og la handlingane mine stå til mine store ynskje.

Du, høge himmelherskar
skal ikkje meir i hjartet mitt sjå
trulaust ynskje eller forfengelege ynskje.

Og om eg levde utan å kjenna Gud,
måtte du, som vaktar av hjartet mitt,
la Han gjere hjartet mitt nytt.

SLUTT



PROGRAM, S. 46
BAROKKFEST 2018



I BEGYNNELSEN VAR ORGELET

Laurdag 3. februar, 22:00,
Nidarosdomen

Jean-Luc Hô, orgel

Nidarosdomen er ein unik bygning, og ein ynda stad for internasjonale organistar å halda konsert. Ikkje berre er katedralen den nordlegaste mellomalderkatedralen i verda, men det gamle orgelet i katedralen var bygd av ingen ringare enn Joachim Wagner, favorittorgelmakaren til Johann Sebastian Bach. Det er det einaste

instrumentet av han som har overlevd utanfor eit lite område i Sentral-Tyskland, og er difor ein heilt unik kulturskatt.

Jean-Luc Hô, som er i ferd med å etablere seg som ein av Europas fremste unge organistar, gjorde ein stor figur ved Barokkfest 2017, med konserten Immortal Bach, som var like ved å

sprengje kapasiteten i kyrka, og hausta dei høgste lovord. I år er han attende på same orgel, men med nytt program. Publikum kan likevel vere trygge på at dei har kvalitet i vente.

FAMILIEDAG PÅ RINGVE: BUKKENE BRUSE PÅ BADELAND OG LYTT TIL LUTT!

*Sundag 4. februar, 11:00 - 14:00,
Ringve Museum*

**Bjørn F. Rørvik
Jørgen Skogmo
Erik Skanke Høsoien**



I løpet av få år har nytolkingane til Bjørn Fredrik Rørvik av Bukkane Bruse vorte moderne barnebokklassikarar. Ungar som gamle er velkomne til å bli kjend med dei namngjetne bukkane på ny, når Bjørn Fredrik sjølv les og dramatiserer

frå bøkene.

Som musikalsk innslag kjem Jørgen Skogmo og Erik Skanke Høsoien med framsyninga Lytt til Lutt!, der dei spelar musikk som var spela for kongar og

dronningar i Europa. Ein får høve til å sjå og høyre renessanselutt, teorbe, barokkgitar og wienergitar. Denne framsyninga passar best for ungar mellom 6 og 12 år.

PROGRAM, S. 48
BAROKKFEST 2018



**AVSLUTNINGSKONSERT: MEDITERRANEO
- EN REISE LANGS MIDDELHAVET**

Sundag, 4. februar, 20:00, Frimurerlogen

Christina Pluhar, teorbe og kunstnerisk leiar

L'Arpeggiata:
Vinzenzo Capezzuto, alt
Anna Dego - teaterdans
Doron Sherwin - zinke

Josep Maria Marti Duron - barokkgitar
Boris Schmid - kontrabass
Sergey Saprychev - perkusjon
Francesco Turrisi - cembalo

PROGRAM, S. 49

BAROKKFEST 2018

TRAD. HELLAS / SALENTINO

Are mou Rindineddha

MAURIZIO CAZZATI

Ciaccona

TRAD. ITALIA

Pizzica di San Vito

ATHANASIOS KIRCHER (1601-1680)

Tarantella napolitana

NICOLAS MATTEIS (1650-1703)

La dia Spagnola

TRAD. CARPINO / ATHANASIOS
KIRCHER

La Carpinese

HIERONYMUS KAPSBERGER

(1580-1651)

Canario

Toccata L'Arpeggiata

TRAD. MAKEDONIA

Su maki sum se rodila

TRAD. HELLAS / SALENTINO

Oriamu pisulina

TRAD. HELLAS

Hasapiko

ALFIO ANTICO / CHRISTINA PLUHAR

Silenzio d'amuri

TRAD. PUGLIA

Pizzicarella mia

(Perkusjonsimprovisasjon)

ANON. 1600-TAL

Passacaglia della Vita

ANDREA FALCONIERO (1585-1656)

La Suave Melodia

TRAD. PUGLIA

Lu Passariellu

Musikkskribenten Charles Burney kalla ein gong orkesteret i Mannheim, under leiinga av Johann Stamitz, for «ein armé av generalar». Det same kunne ein med rette seie om L'Arpeggiata. L'Arpeggiata er eit ungt og spennande ensemble, som har spesialisert seg i å samla eit elitekorps med tidlegmusikarar for å ut gje ukonvensjonelle tolkingar av tidlegmusikk. Musikken deira har ofte hatt ein snev av jazz i seg, men på denne konserten er det ein særskild folkemusikktradisjon som står for tur.

For dei fleste nordmenn er nok tarantellaen best kjend frå Ibsens

Et dukkehjem. Men kor mange veit eigentleg korleis musikken han er dansa til læf? Og kjenner dei til dei regionale variasjonane av han? Dansen er gjerne forbunde med det sørlege Italia, men har òg eksistert andre stader kring Middelhavet, som i Albania: Her har sjøvegen alltid vore raskaste ferdselsveg, og tradisjonar kunne spreie seg fort over store område.

Saman med dei meir tradisjonelle folkemusikkinnsлага (kan ein eigentleg seie at noko L'Arpeggiata gjer er tradisjonelt?) får ein innblikk i korleis barokkomponistar som Athanasius

Kircher og Hieronymus Kapsberger brukte tarantellaen i sine eigne komposisjonar. Dette blir ei forrykande festivalavslutting!



KUNSTHISTORIENS HELTINNER

Tysdag, 30. januar, 18:00, Sellanraa

Ingvild Kjær Tofte
Thea Selliaas Thorsen

Judits bok er rekna som ein del av bibelen i katolisismen, men ikkje blant dei fleste protestantar. Ei av dei viktigaste hendingane i teksta, der helinna Judit halshoggar fienden Holofemes, er eit ynda motiv i kunsthistoria, og har vore måla av så ulike kunstnarar som Caravaggio og Gustav Klimt. Målaren som er mest assosiert med motivet er derimot Artemisia Gentileschi (1593-ca. 1656), som brukte motivet opp att mange gonger. Dette er gjerne kopla til hennar egne erfaringar med valdtekt, som i samtida var godt kjende gjennom ei rettssak som lenge skugga over den kunstneriske verksemda hennar.

Ingvild Kjær Tofte, som er kunstnar, kunsthistorikar og kunstformidlar, tek i samtale med Thea Selliaas Thorsen for seg spørsmålet om kva det eigentleg er som blir formidla gjennom Judit-måleria til Gentileschi. Korleis er det den groteske scena blir gjort til eit uttrykk for triumf, og kva slags triumf er det som er freista å bli formidla?

SUKKER OG SLAVERI - FAKTA OG FIKSJON OM VÅR SLAVEHANDEL

Onsdag, 31. januar, 18:00, Sellanraa

Fartein Horgar
Ida Bull

Fartein Horgar har skrive romanane *Paradisets elendige* (2016) og *I slaktermåned* (2017), som b  e er lagt til tida d   sukkerhandelen var gjennomsyra av slaveri. Delar av denne handlinga er lagt til dei dansk-norske koloniane i India. Ida Bull, som er spesialist p   1700-talshistorie og p   tr  ndersk

historie, samtalar med Horgar om korleis denne historia har vore med p      farga historia v  r, og historia til Trondheim i s  r, der Sukkerhuset st  r att som eit monument over denne handelen.

ELSKEREN JULIUS C  SAR

Torsdag, 1. februar, 12:00, NTNU Dragvoll, Caf   Sito

Ida   stenberg
Thea Selliaas Thorsen

Julius C  sar st  r nok for ettertida hovudsakleg att som politiskar og h  rf  rar - som mannen som erobra Gallia, som kryssa Rubicon og utman  vrerte senatet og rivalen Pompeius. Men C  sar var   g kjend som ein stor elskar: Han skal ikkje berre ha hatt barn i Gallia, men fekk   g sonen C  sarion med sj  lvaste Kleopatra.

med SPOR-leiar Thea Selliaas Thorsen om kva det var som gav C  sar ord p   seg for    vera «alle menns kvinne og alle kvinners mann».

(Arrangementet er gratis, men vi r  dar publikum til    reservera ein billett for    sikra seg plass).

Ida   stenberg er dosent ved Universitetet i G  teborg, og er i Sverige kjend gjennom bloggen Julia Caesar. Ho samtalar

PROGRAM, S. 52

SPOR 2018

ANTIKKENS DRAMA PÅ NORSK

Torsdag, 1. februar, 17:00, Litteraturhuset, Magistratsalen

Robert Emil Berge
Iris Aasen Brecke
Thea Selliaas Thorsen

Gyldendals bokserie *Kanon - Antikkens litteratur på norsk* har i seinare år gjort fleire kulturhistorisk viktige tekster tilgjengelege på norsk - anten for fyrste gong, eller som sårt trengde oppdateringar, både kva språk og forking gjeld. Snart kjem to av dei viktigaste teaterstykkene frå antikken ut, nemleg komedien *Svigermoren* av Terents og tragedien *Hekabe* av Evripides,

omsett respektivt av Robert Emil Berge og Iris Brecke. Både desse kjem for å snakke med Thea Selliaas Thorsen om korleis komedien og tragedien frå det antikke Hellas er relevante for vår tid - både i seg sjølve og som premissleverandørar for vår tids drama.

DEN ROMERSKE TRIUMFEN

Torsdag, 1. februar, 18:00, Litteraturhuset, Kulturtorget

Ida Östenberg

Ida Östenberg har skrive boka *Staging the World*, som er gjeve ut på Oxford University Press, og freistar å forstå triumfane, dei enorme opptoga til romerske krigsherrar etter militærsigrar, som uttrykk for romersk politisk ideologi. Korleis såg dei egentleg ut? Kva var det som var meninga med det heile? Dette er spørsmål som har meir komplekse svar enn ein gjerne har trudd, og få er betre skikka enn Östenberg til å fortelja om det.



Å LEVE MED SHAKESPEARE

Fredag, 2. februar, 12:00, NTNU Dragvoll, Café Sito

Inger Merete Hobbestad

Inger Merete Hobbestad er ein institusjon som bok- og filmkritikar i Dagbladet. Ho har nyleg skrive boka *Å leve med Shakespeare*. Kva er det eigentleg med Shakespeare som gjer at han er verd å lesa i 2018? Kva kan han framleis fortelje oss? Korleis kan ein kome under det arkaiske språket og den uvante lesedramaforma, for å koma til botnen i det ålmenmenneskelege i Shakespeare? Dette, og meir til, skal Hobbestad gje oss svar på.



FRA BOK TIL FILM, OG TILBAKE?

Fredag, 2. februar, 18:00, Litteraturhuset, Kulturtorget

Inger Merete Hobbestad
Torstein Bugge Høverstad

Eit tema som stadig kjem attende er overgangen frå film til bok. Skiftet av medium krev at det blir gjort djuptgripande endringar i materialet, men å gjera dette utan å (med rette eller urette) støyte frå seg mange som allereie kjenner materialet i bokform tykkjest å vera ei umogleg oppgåve. Men kor mykje innsikt har eigentleg sjåaren i omformingsprosessen?

Torstein Bugge Høverstad har mellom anna omsett *Ringenes*

herre, *Harry Potter* og Philip Pullmans *Det gyldne kompasset* til norsk, og har djupare innsyn i nokre av dei mest ambisiøse bok-til-film-prosjekta i seinare år. Inger Merete Hobbestad er film- og bokkritikar i Dagbladet, og det seier seg sjølv at det knapt er nokon andre i landet som kan diskutere temaet på så høgt nivå som dei. Her burde det vere noko både for bok- og filmentusiastar!

PROGRAM, S. 54

SPOR 2018

LATIN ETTER ANTIKKEN

Laurdag, 3. februar, 11:00, Katedralskolen, Festsalen

Victoria Moul

Dei aller fleste assosierer i dag latin med antikken. Det mange kanskje ikkje er klar over, er at stordelen av litterære verk på latin blei skriven etter Romerrikets fall! I mange hundreår var latin både språket i vitenskapen og i store delar av den kristne kyrka, og språket var hadde fordelen, at lærde i alle land kunne lese det; gjennom stordelen av 1800-talet gjekk høgare utdanning i Noreg i hovudsak føre seg på latin.

Men den såkalla ny-latinen kunne òg vere eit litterært språk, som ein kan sjå av verka til forfattarar som Holberg og Milton.

Denne skil seg på ein del felt frå den klassiske latinen, men eigenartane i nyare latin har ikkje alltid vore forstått. Victoria Moul gav i fjor ut boka *A Guide to Neo-Latin Literature*, og har med det funne plassen som ein av dei leiande ekspertane i verda på etter-antikkk litteratur på latin.

(Arrangementet er gratis, men vi rådar publikum til å reservera ein billett for å sikra seg plass. Arrangementet er på engelsk).

NORSK LITTERATUR PÅ LATIN

Laurdag, 3. februar, 13:00, Katedralskolen, Festsalen

Øyvind Aak Rune Blakstad Einar Weidemann

På 1700-talet utvikla Trondheim seg til å bli det viktigaste senteret for akademisk diskurs i Noreg. Godt hjulpet fram av den prestisjetunge Katedralskulen, blei Trondheim buplass for mange av dei fremste akademikarane i landet, som i 1760 leia til stiftinga av Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab. Blant viktige bokverk frå Trondheim frå denne tida kan ein nemne eposet *Fata Nidrosiana*, eller «Trondheims lagnad»,

som skildra byhistoria, og den fyrste norske floraen, som blei gjeve ut av Johan Ernst Gunneris i 1766 og 1776 (sistnemnde vil bli stilt ut); han kjem no endeleg i norsk utgåve. Desse, og meir til, skal publikum få stifte kjennskap til her.

(Arrangementet er gratis, men vi rådar publikum til å reservera ein billett for å sikra seg plass.)

THE BREAKSPEAR LECTURE

Laurdag, 3. februar, 16:00, Katedralskolen, Festsalen

Estelle Lazer

«The Breakspear Lecture» er sjølv hødepunktet under SPOR-festivalen! Kwart år er ein av verdas leiende forskarar henta inn for å presentera arbeidet sitt på ein lettfatteleg og interessevekkjande måte for eit ålment publikum. Foredraget er organisert i samarbeid med *Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab*.


Dr. Estelle Lazer er arkeolog ved University of Sydney. Som ein del av arbeidet hennar, har ho fått høve til å studera restane etter menneska som døydde i det namngjetne vulkanutbrotet frå Vesuvius, som øydela Pompeii i år 79. Historisk var det lite interesse for desse (somme har overlevd som teaterrekvisittar!), og mangel på teknologi har gjort at ein ikkje har kunne trekkje viktige konklusjonar frå desse før... for no. Arbeidet til Lazer har gjeve oss ny kunnskap om livet i Pompeii, om dagleglivet, og helsa og om problema til menneska som budde der.

The Breakspear Lecture har henta namnet sitt frå englendaren Nicholas Breakspear, som i 1152 - 1153 grunnla



erkebispesetet i Nidaros, samt katedralskulane i Trondheim, Bergen, Hamar og Oslo, og med det gav Noreg sin fyrste internasjonale infrastruktur for høgare utdanning. I 1154 blei han vald til pave, og var i fem år kjend som pave Adrian IV.

(Arrangementet er gratis, men vi rådar publikum til å reservera ein billett for å sikra seg plass. Arrangementet er på engelsk).



BARNEUNIVERSITETET: NYE HELTER FRA GRESK OG ROMERSK MYTOLOGI

Sundag, 4. februar, 14:30, Trondheim Folkebibliotek

Peter Astrup Sundt

Peter Astrup Sundt er stipendiat i latin ved NTNU, og vender attende til Barneuniversitetet med eit føredrag om greske og latinske heltar og heltinner. Hovudtemaet er Trojanerkrigen, og

her kan ein få høyre om kjende og mindre kjende segn og myter, og kva som hende etter at grekarane triumferte...

Patrick Cohén-Akenine er ein fransk dirigent og fiolinist. Han har studert ved konservatoria i Rueil-Malmaison og Paris. Ved avslutta studier vann han prisen til det franske kulturministeriet. Han har sidan vore konsertmeister i fleire franske orkester, mellom anna det prestisjetunge *Le Concert Spirituel*, og har utmerka seg med arbeid for å gjenskapa det legendariske strykeorkesteret til dei franske kongane, *Les Vingt-quatre Violons du Roy*. I 2006 blei han gjort til ridder av den franske Ordena for kunst og litteratur (*L'Ordre des Arts et des Lettres*).

Marianne Beate Kielland er ein norsk mezzosopran. Ho studerte song ved Norges musikkhøgskole under Ingrid Bjoner og Svein Bjørkøy. Ho har arbeidd ved operaen i Hannover, og har samarbeidd med mange av dei største namna i tidlegmusikkverda, som Philippe Herreweghe, Masaaki Suzuki og Jordi Savall. Ho har spela inn ei rekkje album, og har i sær utmerka seg med vokalverk av Bach.

Nordic Baroque Orchestra er eit prosjekt som har som mål å samle dei neste talentfulle tidlegmusikkstudentane i Norden. Orkesteret blei stifta i 2015, og har sidan vore eit fast innslag ved Barokkfest.

Carlos Mena er ein spansk kontratenor. Han har studert ved *Schola Cantorum Basiliensis* i Basel, der han mellom anna studerte under René Jacobs.

Sidan 1999 har han vore med på ei rekkje CD-ar, med musikk av ein svært allsidig stall med renessanse- og barokkomponistar. I 2002 vann han ein prestisjetung *Diapason d'Or* frå det franske musikktidsskriftet *Diapason*.

Jean-Luc Hô er ein fransk cembalist og organist. Han har undervist i cembalo ved konservatoriet i Franconville. Han har òg vore organist i St Germain des Près i Paris. Han har spela inn ei rekkje soloalbum med klavemusikk av Bach, Sweelinck, Muffat m. fl. I seinare år har han utmerkt seg med arbeid med å restaurera historiske franske orgel.

The Royal Rorantists er eit vokalsemble som held ved like tradisjonen med polsk rorantist-musikk. Dei har røter attende til 1400-talet. Ensemblet er leia av Stanislaw Galonski, og har Wawel-katedralen i Krakow som base. Dei har heldt konsertar både i Europa og Nord-Amerika, og har gjeve ut fleire CD-ar.

Ann Hallenberg er ein svensk mezzosopran. Ho har studert ved Musikhögskolan i Stockholm. Ho har jobba med ei lang rekke store dirigentar, som John Eliot Gardiner, Riccardo Muti og Christophe Rousset, spela inn CD-ar av mange større verk, og har i sær markert seg som ein stor tolkar av Händel. Ho har òg gjeve ut ein CD med arier skrivne for den legendariske songerinna Marietta Marcolini saman med Stavanger symfoniorkester. I I både

2014 og 2016 vann ho International Opera Award-prisen for beste recital-CD.

Steven Devine er cembalist og dirigent. Han er cembalist i grupper som *London Baroque* og *Orchestra of the Age of Enlightenment*. Som dirigent er han musikalsk leiar for *New Chamber Opera* i Oxford, og er jamnleg gjestedirigent i *Royal Albert Hall*. Han har spela inn meir enn 30 CD-ar, inklusive seks solo-CD-ar

Trondheim Barokk er eitt av dei leiande barokkensembla i Skandinavia, og spesialiserer seg på barokkmusikk på historiske instrument. Ensemblet spesialiserer seg på lite kjend skandinavisk musikk. Dei har jobba med nokre av dei største dirigentane i dag, som Sigiswald Kuijken, Andrew Parrott og Christophe Rousset. Dei har gjeve ut fleire CD-ar på selskapet K617.

Lixsania Fernández er ein spansk-cubansk gambespear. Ho har studert ved Manuel Castillo-konservatoriet i Sevilla, i Havana, i Bilbao og i Salamanca. Fernández har spela inn mange album, og har vunne den prestisjetunge Academia Music Award-prisen i Los Angeles for beste instrumentalalbum. Ho er grunnleggjaren av Recóndita Amonia, og har anten gjennom dei eller som solo-artist spela saman med namn som Claudio Abbado, Walter Reiter og Jordi Savall.

PROGRAM, S. 58

BIOGRAFIER

Recóndita Armonia er eit spanskbasert tidlegmusikkensemble, som har gjort seg merkt for virtuoust og grundig kammarmusikkspel, med eit spesielt fokus på fortolking og estetikk. Dei har spela inn to CD-ar på plateselskapet Brilliant Classics, og har i sær hausta lovord for innspelinga av verk av gambisten Johannes Schenk.

Natalie Perez er ein fransk sopran. Ho har studert ved Guildhall School of Music and Drama i London under John Evans. Ho har fleire gonger vunne sangprisar ved Kammeroper Schloss Rheinsberg. Ho har spela operaroller i produksjonar med Hampstead Garden Opera og British Youth Opera, og har i seinare år vore assosiert med Opera Fuoco.

May Kristin Svanholm Hegvold er ein norsk sopran. Ho har studert ved konservatoriet i Trondheim, og ved *Koninklijk Conservatorium Den Haag*. Ho har spela i fleire store roller i Nederland og i Noreg, frå Pergolesi til Grieg og Sommero.

Alberto Miguélez-Rouco er ein spansk kontralt, utdanna ved *Musik Akademie Basel*. Han har sunge med viktige orkester som *Le Concert des Nations* og *Hisperion XXII*, og har to gonger vore med på *European Baroque Academy*. Han har òg ei lang merittliste innanfor kyrkjemusikk.

Kristoffer Emil Appel er ein dansk tenor.

Han har studert ved *LaGrange College*, *Syddansk musikkonservatorium* og *Det kongelige danske musikkonservatorium*. *Over dei siste åra har han etablert seg som operasongar i Danmark, og som solist i barokkyrkjemusikk.*

Paul Agnew er skotsk tenor og dirigent. Han har studert ved Magdalen College, Oxford, men har i sær skapt eit namn for seg sjølv gjennom arbeidet med fransk barokkopera. Han er musikalsk direktør for dei namngjetne ensembla *Les Arts Florissants* og *Orchestre Français des Jeunes Baroque*. Som kunstnerisk leiar har han i sær verte merkt gjennom arbeidet med å spela inn alle madrigalane til Monteverdi. Han har vore gjestedirigent ved ei mengd store orkester, og delteke på ei mengd CD-ar og DVD-ar.

TSO Tidlig er spesialensemblet for tidlegmusikk til Trondheim Symfoniorkester & Opera. Ensemblet er ein fast institusjon ved Barokkfest, og har heldt konsertar med nokre av dei fremste artistane i verda her.

Jørgen Skogmo er ein norsk gitarist, teoribist og mandolinist. Han har studert ved konservatoriet i Trondheim og ved Guildhall School of Music & Drama i London. Som gitarist utmerkte han seg tidleg, og har vinne fleire internasjonale prisar. Han har sidan mellom anna spela med *The English Baroque Soloists*, under Sir John Eliot Gardiner, den engelske nasjonaloperaen,

Gyndesbourne Opera og BBC Proms.

Christina Pluhar er ein austerriksk teoribist og harpist. Ho har studert ved universitetet i Graz, konservatoriet i Haag, og ved Schola Cantorum Basiliensis i Basel. I 1992 vann ho fyrstepremien ved tidlegmusikkfestivalen i Malmö. Sidan 2000 har ho vore kunstnarisk leiar for *L'Arpeggiata*. Ho er i tillegg brukt som lærar i Haag og Graz.

L'Arpeggiata har raskt etablert seg som ein av dei friskaste nytolkarane av tidlegmusikk. Dei har spesialisert seg på italiensk, fransk og engelsk musikk frå 1600-talet. Dei har gjort seg merka for bruken av improvisasjon, samt med samarbeid på tvers av genregrenser - i sær mot jazz. *L'Arpeggiata* har gjeve ut 16 album.

Ingvild Kjær Tofte er kunstnar, kunsthistorikar og kunstformidlar. Ho har studert ved UiO, Høgskolen i Oslo og Kunstakademiet i Trondheim. Sidan 2005 har Tofte hatt utstillingar ved ei mengd stader, fleire av dei Trondheim og trøndelagsregionen.

Thea Selliaas Thorsen er leiar for festivalen SPOR. Ho er fyrsteamanuensis i klassiske fag ved NTNU. Ho har utmerkt seg innan forskning på Ovid, og har gjeve ut bøkene *Ovid's Early Poetry* og *The Cambridge Companion to Latin Love Elegy* på Cambridge University Press. Ho er redaktør for serien *Kanon - antikkens litteratur på norsk* og

skjønnlitterær forfatter på Gyldendal forlag.

Fartein Horgar er forfatter og omsetjar. Han byrja karrieren som lyrikar, men har i seinare år i sær utmerkt seg med boka *Paradisets elendige* (2016), som skildrar norsk-dansk slavehistorie i India, og medredaktør i *Bob Dylan-leksikon* (2012). Han er litteraturkritikar i Adresseavisen.

Bjørn Fredrik Rørvik er ein norsk barnebokforfatter. Etter å ha debutert med *Reddikhalen* i 1996 har han skrive ei mengd barnebøker. I seinare år har han i sær vore aktuell med nye historier om Bukkane Bruse. Han har vunne Kulturdepartementets bildebokpris to gonger, og vann Bokjuryns pris for årets beste biletbok i Sverige i 2012.

Ida Östenberg er dosent i klassisk arkeologi og antikkens historie ved Universitetet i Göteborg og forskar ved Kungliga Vitterhetsakademien. Ho er ein internasjonalt leiande forskar på opptog og propagandakultur i antikkens Roma, og forfatter av *Staging the World* (2009) på Oxford University Press. Ho er òg ein aktiv og prisvinnande samfunnsdebattant.

Robert Emil Berge er doktorstipendiat i klassiske fag ved NTNU. Han har tidlegare omsett komedien *Froskene* av Aristofanes som ein del av bokserien *Kanon - antikkens litteratur på norsk*. Han er no aktuell med *Hecabe* av

Evripides.

Iris Aasen Brecke er doktorstipendiat i klassiske fag ved NTNU. Ho er aktuell med ei omsetjing av tragedien *Svigemoren* av Terents, som ein del av bokserien *Kanon - antikkens litteratur på norsk*.

Inger Merete Hobbstad er kulturjournalist og film-, teater- og bokkritikar i Dagbladet. Ho gav i 2016 ut essaysamlinga *Å leve med Shakespeare* på Tiden forlag.

Torstein Bugge Høverstad er gjendiktar og omsetjar. Han er i sær kjend for å ha omsett bøkene til J.R.R. Tolkien og J.K. Rowling, men kan i løpet av ein aktiv karriere syne til å ha omsett mange store klassikarar frå engelsk til norsk, frå Charles Dickens til Toni Morrison. Han har òg fått gjeve ut fleire samlingar med egne dikt.

Victoria Moul er fyrsteamanuensis i latinsk språk og litteratur ved King's College London. Ho har tidlegare utmerka seg med publikasjonar om mottakinga av diktaren Horats i nytida, men er seinast aktuell med boka *Neo-Latin Literature* på Cambridge University Press, som tek for seg litteratur på latin etter antikken.

Øyvind Aak er master-student ved klassiske fag ved NTNU. Han skriv om trondheimsforfattaren Hans Skanke.

Rune Blakstad er master-student ved klassiske fag ved NTNU. Han skriv om dei latinske epigramma til Ludvig Holberg.

Einar Weidemann var latinlærer ved Trondheim katedralskole. Han er aktuell med ei omsetjing av floraen til Johan Ernst Gunnerus.

Estelle Lazer er arkeolog og undervisar ved University of Sidney. Ho har spesialisert seg på restane av menneske i Pompeii. Ho har gjeve ut to bøker om temaet, «Pompeii and Herculaneum: Interpreting the Evidence» (2005) og «Resurrecting Pompeii» (2009), sistnemnde gjeve ut på Routledge.

Peter Astrup Sundt er doktorstipendiat i klassiske fag (latin og gresk) ved NTNU. Han har tidlegare omsett Horats' *Ars poetica - brevet om dikterkunsten* (2016) for *Kanon - antikkens litteratur på norsk*.

VÅRE SAMARBEIDSPARTNERE:



MUSEENE I
SØR-TRØNDELAG



NTNU
Kunnskap for en bedre verden



NIDAROS DOMKIRKES
RESTAURERINGSARBEIDER



TRONDHEIM
SYMFONIORKESTER



COMFORT HOTEL
PARK
BY NORDIC CHOICE

DET KONGELIGE NORSKE VIDENSKABERS SELSKAB, TRONDHEIM KATEDRALSKOLE,
FORENINGEN FOR KLASSISKE RESSURSER I SKOLEN, NIDAROS DOMKIRKE OG VÅR FRUE
MENIGHET, NIDAROS PILEGRIMSGÅRD, TRONDHEIM BAROKK, TRONDHEIM KOMMUNALE
KULTURSKOLE, GUNNERUSBIBLIOTEKET.

Adresseavisen



DEXTRA

NORDISK
KULTURFOND



KULTURRÅDET
Arts Council
Norway



TRONDHEIM KOMMUNE



SØR-TRØNDELAG
FYLKESKOMMUNE



LITTERATURHUSET
I TRONDHEIM



GYLDENDAL

